

Verdiar i Utladalsvassdraget, Årdal og Luster kommunar i Sogn og Fjordane

VVV-rapport 2001-32



Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med
Norges vassdrags- og energidirektorat og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Refererast som:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001. Verdiar i Utladalsvassdraget, Årdal og Luster kommunar i Sogn og Fjordane.

Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat.

VVV-rapport 2001-32. Trondheim

51 sider , 5 kart + vedlegg

Forsidefoto: Ole Kristian Spikkeland, Foss nedenfor Vetti.

Fosidelayout: Knut Kringstad

Verdiar i
Utladalsvassdraget, Årdal og Luster
kommunar
i Sogn og Fjordane

Vassdragsnr.: 074.D-074.H
Verneobjekt: 074/1
Verneplan III

VVV-rapport 2001-32



Tittel <i>Verdiar i Utladalsvassdraget</i>	Dato <i>Kunnskapsstatus 27.07.2001</i>	Antall sider <i>s 51 + 5 kart + vedlegg</i>
Forfatter <i>Ole Kristian Spikkeland</i>	Institusjon <i>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane</i>	Ansvarlig sign <i>Jofred Takle</i>
TE-nr. <i>998</i>	ISSN-nr. <i>1501-4851</i>	ISBN-nr. <i>82-7072-508-0</i>
VVV-Rapport nr. <i>2001-32</i>		
Vassdragsnavn <i>Utladalsvassdraget</i>	Vassdragsnummer <i>074.D-074.H</i>	Fylke <i>Sogn og Fjordane (Oppland)</i>
Vernet vassdrag nr <i>074/1</i>	Antall objekter/delområder <i>69 (+ 1 kulturmiljø)</i>	Kommuner <i>Årdal, Luster (Lom, Vang)</i>
Antall delområder med Nasjonal verdi (***) <i>13</i>	Antall delområder med Regional verdi (**) <i>31</i>	Antall delområder med Lokal verdi (*) <i>25</i>
EKSTRAKT		
<p>Utladalsvassdraget ligg hovudsakleg i Årdal og Luster kommunar i Sogn og Fjordane. Vassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1986.</p> <p>VVV-prosjektet (<i>Verdiar i verna vassdrag</i>) er initiert av Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Formålet er å kartleggje og synleggjere verneverdiane i verna vassdrag. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, på oppdrag frå DN og NVE, presenterer i denne rapporten dokumentasjon av kjente natur- og kulturfaglege verdiar i og ved Utladalsvassdraget.</p> <p>Utladalsvassdraget er eit forholdsvis stort vassdrag, kor den verna delen spenner over forskjellige naturtypar frå botnen av Utladalen ca. 100 m.o.h. til høgfell med tindar over 2 400 m.o.h. Store område er utan tekniske inngrep. Mesteparten av nedbørfeltet ligg innanfor Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Det knyter seg størst naturfagleg interesse til Vettisfossen, som med sine 275 m har Nord-Europa sitt største frie, uregulerte fossefall. Utladalen er Norge sitt djupaste dalføre. Tindepartiet Hurrungane med Store Skagastølstind er Jotunheimen sitt villaste fjellparti. Som naturmonument vert Utladalen og Hurrungane rekna som eineståande både nasjonalt og internasjonalt. Vettismorki har over 800 år gamle furutre og byr elles på rike våtmarksområde. Heile nedbørfeltet er eit svært viktig turområde med godt utbygde rutenett og turisthytter. Ein buplass frå eldre steinalder er sjeldsynt i dette området. Kulturlandskapet knytta til fjellgardane Vetti og Avdalen, saman med stølsområdet på Vettismorki, inngår blant nasjonalt viktige kulturlandskapsområde. Det vert seld fiskekort og jaktkort i nedbørfeltet.</p> <p>Denne rapporten freistar å strukturere og illustrere dette faglege stoffet på ein måte som m.a. kan nyttast i kommunal forvaltning.</p>		
SUMMARY IN ENGLISH		
<p><i>The river Utladalsvassdraget is situated in the municipalities of Årdal and Luster in Sogn og Fjordane. In 1986 this watershed was protected against development of future water power plants.</i></p> <p><i>The Directorate of Nature Management (DN) and The Norwegian Water Resources and Energy Directorate (NVE) have established a project "The values of nature protected areas".</i></p> <p><i>The County Governor of Sogn og Fjordane has worked out this report of the natural values of Utladalsvassdraget.</i></p>		
5 STIKKORD PÅ NORSK		KEYWORDS IN ENGLISH
<i>Prosessar og former skapt av is og vatn</i>		<i>Landscapes developed by glaciers and water</i>
<i>Biologisk mangfald</i>		<i>Versatile biological values</i>
<i>Landskapsbilde</i>		<i>Forms of landscapes</i>
<i>Friluftsliv</i>		<i>Open air activities</i>
<i>Kulturminne</i>		<i>Archaeological discoveries and old buildings</i>

FØREORD

Direktoratet for naturforvaltning (DN) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er i fellesskap ansvarlege for prosjektet "*Verdiar i verna vassdrag*" (*VVV-prosjektet*). Formålet er å gjere kunnskapen om verdiane lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar verna vassdrag med nærområde. Etter at Stortinget 1. april 1993 vedtok Verneplan IV for vassdrag, er 341 vassdragsobjekt verna mot kraftutbygging. Stortinget har gjentekne gonger presisert at verneverdiane i dei verna vassdraga ikkje må forringast av andre inngrep. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for verna vassdrag vart vedteke 10. november 1994. Retningslinjene gir kommunar, fylkeskommunar og statlege myndigheiter rammer for si forvaltning.

VVV-prosjektet skildrar verdiar innan prosessar og former skapt av is og vatn, biologisk mangfald, landskapsbilde, friluftsliv og kulturminne/-miljø og skal ut frå eksisterande kunnskap synleggjere dei viktigaste verdiane. I tillegg kan det også finnast andre verdiar som er viktige for vernet. I prosjektet vert det laga vassdragsvise rapportar som gir ein oversiktleg presentasjon av viktige område i tekst og på kart. Prosjektleiari for VVV-prosjektet er Elisabet Rosendal. Ansvar for utarbeiding av den enkelte rapport ligg til fylkesmannen i vedkomande fylke.

Utladalsvassdraget har sidan vedtak i Stortinget 19. juni 1986 vore verna mot vasskraftutbygging. Denne rapporten er utarbeidd av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2001. Rapporten presenterer fylldig dokumentasjon av kjende verdiar som finst i og ved Utladalsvassdraget. Arbeidet er utført i samarbeid med Årdal og Luster kommunar. Arbeidet med rapporten er utført av cand. real Ole Kristian Spikkeland i firma *Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser*. Kontaktperson ved fylkesmannen si miljøvernavdeling har vore seksjonsleiari Jofred Takle. Konsulentfirmaet BioTjenester ved June Breistein har vore engasjert for å slutføre rapporten til trykking og utlegging på Internett.

Trondheim - Leikanger - Oslo

*Direktoratet for naturforvaltning
naturbruksavdelingen*

*Ola Skauge,
avdelingsdirektør*

*Norges vassdrags- og energidirektorat
vassdragsavdelingen*

*Are Mobæk,
avdelingsdirektør*

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
miljøvernavdelinga*

*Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef*

INNHALD

FØREORD SAMANDRAG

1.0	INNLEIING	14
1.1	Generell skildring av Utladalsvassdraget.....	14
1.2	Hydrologi og vasskvalitet.....	17
1.3	Arealopplysningar	19
1.3.1	Inngrepsstatus	19
1.3.2	Kommuneplan for Årdal.....	19
1.3.3	Kommuneplan for Luster	19
1.3.4	Verneområde	20
1.4	Rapporten sine målsetjingar og begrensningar	20
2.0	PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN.....	21
2.1	Vassdrageelement og dagens prosessar	21
2.2	Former og spor etter avslutta prosessar.....	22
2.3	Andre geofaglege element	22
2.4	Utvalde delområde og objekt.....	23
3.0	BIOLOGISK MANGFALD.....	24
3.1	Ferskvassbiologi	24
3.2	Naturtypar	25
3.3	Vilt.....	27
3.4	Raudlisteartar.....	28
3.5	Utvalde delområde og objekt.....	29
4.0	LANDSKAPSBILDE	30
4.1	Landskapsregion og særpreg	30
4.2	Framtredande landskapselement.....	31
4.3	Utvalde delområde og objekt.....	32
5.0	FRILUFTSLIV	33
5.1	Friluftsområde	33
5.2	Hytter, stinett, pilgrimsleder.....	34
5.3	Naturturisme	34
5.4	Jakt og fiske	35
5.5	Utvalde delområde og objekt.....	36

6.0	KULTURMILJØ	37
6.1	Vassdragsrelaterte kulturmiljø	37
6.2	Verdifulle kulturlandskap	37
6.3	Andre kulturminne/-miljø	39
6.4	Utvalde delområde og objekt	41
7.0	AKTUELLE TRUGSMÅL	42
8.0	LITTERATUR	43
9.0	KRITERIUM OG VERDISETJING NYTTA I RAPPORTEN	46
9.1	Metode	46
10.0	KART	49

VEDLEGG Registrerings skjema

SAMANDRAG

Utladalsvassdraget (vassdragsnr. 074.D-074.H) ligg hovudsakleg i Årdal og Luster kommunar i Sogn og Fjordane. Berre mindre areal i nord og nordaust tilhøyre Lom og Vang kommunar i Oppland. Vassdraget drenerer ein del av fjellområda i den vestlege delen av Jotunheimen. Utladalsvassdraget vart verna mot kraftutbygging i 1986.

Den verna delen av Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt omfattar høgdegradienten frå botnen av Utladalen om lag 100 m.o.h. til høg fjell med tindar over 2 400 m.o.h. Areala over skoggrensa utgjer omlag 85 % av nedbørfeltet. Den mellomboreale sona omfattar dei nedre delane av Utladalen. Her dominerer gråor blanda med varmekjære treslag som ask, alm, lind og hassel. Med aukande høgde tek den nordboreale vegetasjonssona over. Her dominerer gråor nederst og bjørk øverst. I høgda inngår også gammal furuskog, som til dels er skadd av fluorutslepp frå aluminiumsverket i Øvre Årdal. I den alpine vegetasjonssona har blåbær-blålyngheiar, grasheiar, rabbesivheiar og musøresnøleier stor utbreiing. Høgare opp i fjellet består store areal av blokkmark, bert fjell og brear. Rasmarkvegetasjon og frodige engsamfunn på skredmateriale førekjem vanleg både i låglandet og i lågalpin sone. Fjellvegetasjonen er noko prega av tidlegare stølsdrift. Fem av dei austlege sideelvane til Utlei er avskorne i 1 180 meters høgde av ein "takrennetunnel" som fører vatnet austover til Koldevatn i Tyin sitt nedbørfelt. Dette gir redusert vassføring i sideelvane og i Utlei. Lengst nord i nedbørfeltet er Gravdalsdammen regulert. Med unnatak av dette er store område i nedbørfeltet utan tyngre tekniske inngrep.

Nestan heile nedbørfeltet ligg innanfor grensene til Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Det knyter seg størst naturfagleg interesse til Vettisfossen, som med sine 275 meter er Nord-Europa sitt største frie, uregulerte fossefall. Avdalsfossen er ein annan høg foss. Utladalen er Norge sin djupaste dal der han skjer seg inn i Vest-Jotunheimen sitt fjellmassiv frå sørvest. Stølsmaradalen og Midtmaradalen er særskilde gode døme på hengande sidedalar med U-forma tverrprofil og aktive brear. Tindepartiet Hurrungane vest for Utladalen er Jotunheimen sitt villaste fjellparti. Mest kjent og imponerande er Store Skagastølstind (2 403 m.o.h.), som også er ei utfordring for klatreinteresserte. Som naturmonument vert Utladalen og Hurrungane rekna som eineståande både nasjonalt og internasjonalt. Nedbørfeltet har stor variasjon i kvartære avsetningar og former. I Urdadalen demmar fjellskredet Store Urdi opp Hurrungbrestvatnet. Utladalen har norsk høgdegrens for furu. Dei eldste furutrea på Vettismorki skal vere over 800 år gamle. Dette området byr elles på rike myr- og våtmarksområde og har fleire sjeldsynte soppartar. Heile Utladalsvassdraget utgjer ein del av Jotunheimen og er eit svært viktig turområde for befolkninga lokalt, regionalt, nasjonalt og til dels også internasjonalt. Både rutenett og turisthytter er godt utbygde. Nedbørfeltet byr på mange fine utsiktspunkt. Det er relativt varierte forekomstar av kulturminne frå førhistorisk tid og middelalder knytt til villreinfangst og annan utmarksutnytting. Ein buplass frå eldre steinalder er sjeldsynt i dette området. Det er noko mindre variasjonsbreidde i kulturminne frå nyare tid. Kulturlandskapet knytt til fjellgardane Vetti og Avdalen, saman med stølsområdet på Vettismorki, inngår blant ti nasjonalt viktige kulturlandskapsområde i Sogn og Fjordane. Det vert seld fiskekort og jaktkort i nedbørfeltet.

Denne rapporten freistar å strukturere og illustrere dette faglege stoffet på ein måte som kan nyttast i kommunal forvaltning.

Rapporten omfattar fem hovudgrupper av fagtema:

<i>Kap. 2</i>	<i>Prosessar og former skapt av is og vatn</i>
<i>Kap. 3</i>	<i>Biologisk mangfald</i>
<i>Kap. 4</i>	<i>Landskapsbilde</i>
<i>Kap. 5</i>	<i>Friluftsliv</i>
<i>Kap. 6</i>	<i>Kulturminne/kulturmiljø</i>

Desse faglege tema vert vurdert etter VVV-faglege kriterium (eigne hovudkriterium og støttekriterium for kvar hovudgruppe), og deretter sortert etter tre verdikategoriar:

*Nasjonal verdi (***)*
*Regional verdi (**)*
Lokal verdi ()*

Dei viktigaste naturfaglege verdiane i Utladalsvassdraget er samanfatta i tabellar og vist på kart bakerst i rapporten (opplysningar om kulturfaglege verdiar utanom kulturlandskap er ikkje handsama på denne måten). Eit konsentrat av verdiane vert gjengitt i tabellane nedanfor. Referansenummera i tabellane samsvarar med nummereringa på karta og i teksten for øvrig.

Prosessar og former skapt av is og vatn (P)

<i>Nr</i>	<i>Namn delområde</i>	<i>Verneverdi</i>	<i>Temakart nr.</i>
P1	Vettisfossen	Nasjonal	1
P2	Avdalsfossen	Nasjonal	1
P3	Utladalen/Vettisgjelet	Nasjonal	1
P4	Hurrungane	Nasjonal	1
P5	Stølsmaradalsbreen	Regional	1
P6	Maradalsbreen	Regional	1
P7	Skogadalsbreen	Regional	1
P8	Hyljefossen	Regional	1
P9	Stølsmaradalen	Regional	1
P10	Midtmaradalen	Regional	1
P11	Store Urdi	Regional	1
P12	Øvre Gravdalen	Regional	1
P13	Maradalen	Regional	1
P14	Vest for Surtningstinden	Regional	1
P15	Aust for Surtningstinden	Regional	1
P16	Simledalen	Regional	1
P17	Skogadalen	Regional	1
P18	Gravdalen	Lokal	1

Biologisk mangfald (B)

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
B1	Jotunheimen	Nasjonal	2
B2	Utladalen	Nasjonal	2
B3	Utladalen	Nasjonal	2
B4	Vettismorki	Regional	2
B5	Maradalen	Regional	2
B6	Stølsmaradalen	Regional	2
B7	Midtmaradalen	Regional	2
B8	Gravdalen vest	Regional	2
B9	Gravdalen-Gjertvassdalen	Lokal	2
B10	Styggedalsbreen-Storokslø	Lokal	2
B11	Storutledalen	Lokal	2
B12	Uradalen	Lokal	2
B13	Øytjørnøsi	Lokal	2
B14	Vettisgjelet	Lokal	2
B15	Utladalen-Skogadalen	Lokal	2
B16	Ulsnøsi-Vettismorki	Lokal	2
B17	Avdalen	Lokal	2
B18	Gravdalen sørvest	Lokal	2
B19	Øytjørnøsi	Lokal	2
B20	Ulsnøsi	Lokal	2
B21	Gjertvassdalen nord	Lokal	2
B22	Gravdalen	Lokal	2
B23	Stølsmaradalen	Lokal	2
B24	Midtmaradalen	Lokal	2
B25	Morka-Koldedalen	Lokal	2
B26	Skogadalen	Lokal	2
B27	Vetti	Lokal	2
B28	Utladalen	Lokal	2
B29	Fleskenøsdalen	Lokal	2
B30	Vettismorki nord	Lokal	2
B31	Vettismorki sør	Lokal	2

Landskap (L)*

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
L1	Vettisfossen	Nasjonal	3
L2	Avdalsfossen	Nasjonal	3
L3	Utladalen/Vettisgjelet	Nasjonal	3
L4	Hurrungane	Nasjonal	3
L5	Stølsmaradalen	Regional	3
L6	Midtmaradalen	Regional	3
L7	Hyljefossen	Regional	3
L8	Øvre Utladalen	Regional	3
L9	Skogadalsbreen	Regional	3
L10	Rauddalsegga	Regional	3
L11	Rauddalstindane	Regional	3
L12	Snøholtinden	Regional	3
L13	Mjølkedalstinden	Regional	3
L14	Gravdalstinden	Regional	3
L15	Stølsnostinden	Regional	3
L16	Falketind	Regional	3
L17	Høgvagltindane	Regional	3
L18	Friken	Lokal	3

* I tillegg vert villmarksprega område og inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2, høvesvis >5 km, 3-5 km og 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, vist

Friluftsliv (F)

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
F1	Utladalen-Jotunheimen	Nasjonal	4
F2	Hurrungane	Nasjonal	4

Kulturminne (K)*

Nr	Namn delområde	Verneverdi	Temakart nr.
K1	Utladalen	-	5

* VVV-prosjektet føretek inga verdivurdering av kulturminne

Dei faglege vurderingene i rapporten byggjer i stor grad på eksisterande litteratur, opplysningar i Naturbasen, tidlegare granskingar i samband med verneplan III for vassdrag og opplysningar frå Årdal og Luster kommunar. Dei viktigaste skriftlege kjeldene er samanstillt bakerst i rapporten.

1.0 INNLEIING

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Direktoratet for naturforvaltning (DN) har i fellesskap starta opp eit prosjekt for å gjere kunnskapen om verna vassdrag lettare tilgjengeleg for kommunar og andre som forvaltar vassdragsnære område. *VVV-prosjektet ("Verdiar i verna vassdrag")* skal dokumentere og gjere verdiane i dei verna vassdraga meir synlege. Dette skal gjerast gjennom å utarbeide rapportar med kartvedlegg etter ein felles mal. Målet er at alle som planlegg arealbruk eller inngrep i eit verna vassdrag, først skal vite kva verneverdiar som finst der. På denne måten reknar DN og NVE med at skadelege inngrep i større grad vert unngått. I Sogn og Fjordane har fylkesmannen si miljøvernavdeling ansvaret for å utarbeide vassdragsvise rapportar.

1.1 Generell skildring av Utladalsvassdraget

Utladalsvassdraget er eit forholdsvis stort vassdrag som ligg i dei vestlege delane av Jotunheimen. Vassdraget har sine kjelder i Sognefjellsområdet på hovudvasskiljet mellom Austlandet og Vestlandet, nærare bestemt i bre- og høgfjellspartia kring Fannaráken, Smørstabbtinden, Rauddalen og Hurrungane. Hovudelva Utlea renn i sør-sørvestleg retning gjennom Utladalen mot Årdalsvatn. Herifrå førar ei kort elv ut i Årdalsfjorden inst i Sognefjorden. Vassdraget er ca. 40 km langt ned til Årdalsvatn, medan den verna delen ned til samløpet med Avdalselva er ca. 32 km lang (28 km i luftlinje). Utladalsvassdraget er eit høgfjellsvassdrag med sterk brepåverknad. Om lag 85 % av arealet ligg over skoggrensa 1000-1100 m.o.h. Av nedbørfeltet sitt samla areal på ca. 330 km² dekkjer brear om lag 25 km². Nedbørfeltet ligg hovudsakleg i Årdal og Luster kommunar i Sogn og Fjordane. Nord og nordaust i nedbørfeltet tilhøyrer mindre areal Lom og Vang kommunar i Oppland.

Vassdraget strekkjer seg frå botnen av Utladalen om lag 100 m.o.h. og opp til høgalpin sone med innslag av fleire brear. Dei høgste fjelltoppane ligg i Hurrungane vest for hovuddalføret: Store Skagastølstind (2 403 m.o.h.), Styggedalstindane (2 387 m.o.h.), Ringstindane (2 284 m.o.h.) og Austanbotntindane (2 204 m.o.h.). Dei høgste fjelltoppane nord og aust i nedbørfeltet er Rauddalsegga (2 168 m.o.h.), Rauddalstindane (2 157 m.o.h.), Snøholtinden (2 141 m.o.h.), Gravdalstinden (2 113 m.o.h.), Stølsnostinden (2 074 m.o.h.), Falketind (2 067 m.o.h.) og Høgvagltindane (2 066 m.o.h.). Dei største breane i nedbørfeltet ligg kring Hurrungane og Fannaráki vest for hovuddalføret: Stølsmaradalsbreen, Maradalsbreen, Jervvassbreen, Midtmaradalsbreen og Fannaråkbreen. Aust for hovuddalføret er Stølsnosbreen og Skogadalsbreen størst. Berre mindre delar av Smørstabbreen i nord ligg innanfor nedbørfeltet.

Gjennom dette høgfjellslandskapet med alpine botnar, egger, tindar og brear skjer Utladalen med sidedalar seg inn og gir området eit kraftig relieff. Hovuddalen verkar som ei forlenging av Årdalsfjorden og Årdalsvatn, der elva renn ut. Dei øvste delane av Utladalen er vide og flatbotna og står i skarp kontrast til gjelet som byrjar å skjere seg ned ved samløpet mellom Gjertvasselvi og Utlea.

Mot Vetti, kor gjelet tiltar både i djupne og breidde, er det sterkt opprivne landskapet eit imponerende skue. Sør for gjelet vidar Utladalen seg ut, og elva renn rolegare. Sidedalane er hengande til Utladalen. Dei er meir eller mindre breeroderte med U-forma tverrprofil og har dalbotnen vel 1 000 m.o.h. Mektige fossar stuper fleire stader ut i hovuddalføret. Mest kjent er Vettisfossen, som kjem frå Morka-Koldedøla i aust. Vettisfossen har Nord-Europa sitt største frie, uregulerte fossefall på 275 meter og vart freda allereie i 1924. Ein annan fin og høg foss er Avdalsfossen. Dei få vatna som finst i nedbørfeltet ligg stort sett over 1 300 m.o.h. Størst er Rauddalsvatn (1 309 m.o.h.) på 0,8 km².

Vassføringa i Utle og fem av dei austlege sideelvane er redusert i høve til den naturlege vassføringa ved at noko vatn er overført til Koldevatn i Tyin sitt nedbørfelt aust for Utladalsvassdraget. Ut over dette er det få tekniske inngrep i nedbørfeltet. Det går bomveg (*Folkevegen*) frå Hjelle til Vetti, og lengst nord i vassdraget går det anleggsveg frå Leirvassbu gjennom Gravidalen til Gravidalsdammen. Etter at gardane Vetti og Avdalen vart fråflytta, finst det ikkje lenger fast busetnad i nedbørfeltet. Vetti gard er likevel open i sommarhalvåret. Oppover i hovud- og sidedalane ligg fleire turisthytter og nedlagde stølsanlegg. Påverknaden av jord- og skogbruksaktivitetar er låg.

Nedbørfeltet vert dekkja av M711/N50-kartblada 1517 I (Tyin, utgitt 1985), 1517 IV (Hurrungane, utgitt 1986), 1518 II (Galdhøpiggen, utgitt 1985) og 1518 III (Sygnefjell, utgitt 1985).

Utladalsvassdraget grensar mot to andre verna vassdrag. I nordaust ligg *Sjoa* (objekt 002/8, Verneplan I), som hovudsakleg ligg i Sel, Vågå og Lom kommunar i Oppland. I nord ligg *Bøvri* (objekt 002/10, Verneplan IV), som hovudsakleg ligg i Lom kommune i Oppland.

Nedbørfeltet omfattar høgdegradienten frå botnen av Utladalen om lag 100 m.o.h. til høg fjell, der ein suksessivt passerar den mellomboreale, nordboreale og alpine vegetasjonssona. Den mellomboreale sona er berre representert med sin overgangsseksjon, medan den nordboreale og alpine vegetasjonssona er representert både med sine overgangsseksjonar og sine svakt oseaniske seksjonar. Den mellomboreale sona omfattar dei nedre delane av Utladalen inn til om lag ved Styggegjelet ca. fire-fem km ovanfor Vetti. Her dominerer gråor blanda med varmekjære treslag som ask, alm, lind og hassel. Med aukande høgde over havet tek den nordboreale vegetasjonssona over. Her dominerer gråor nederst og bjørk øverst. Bjørkeskogen dekkjer størst areal og er lite variert. Engbjørkeskog og blåbærbjørkeskog er best utvikla. I Utladalen er engbjørkeskogen høgproduktiv med rikt innslag av store bregner og høge staudar. Høgare opp opptreir også gammal furuskog, særleg kring Vettismorki. Furuskogen er til dels skadd av fluorforureining frå aluminiumsverket i Øvre Årdal. I fjellskogen med bjørk og furu er vegetasjonen dominert av låge urtar og blåbærlyng. Størstedelen av nedbørfeltet høyrer inn under den alpine vegetasjonssona, kor blåbær-blålyngheiar, grasheiar, rabbesivheiar og musøresnøleier har stor utbreiing. Vierkratt, lågalpine engsamfunn og lågalpine myrar finst spreidd. Vatn- og vasskantvegetasjon manglar nesten heilt. Store areal i fjellet består av blokkmark, bert fjell og brear. Rasmarkvegetasjon og frodige engsamfunn på skredmateriale førekjem vanleg både i låglandet og i lågalpin sone. Fjellvegetasjonen er noko prega av tidlegare stølsdrift.

Dei lågtliggjande delane av Utladalen lengst sørvest i nedbørfeltet tilhøyrrer den naturgeografiske region 37e; *Vestlandet sin lauv- og furuskogsregion*, underregion *Sogn og Fjordane sine indre fjordstrøk*. Resten av nedbørfeltet tilhøyrrer region 35d: *Fjellregionen i søndre del av fjellkjeden*, underregion *Jotunheimen*.

Klimaet i Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt er subkontinentalt med forholdsvis låg årsnedbør. På Vetti (329 m.o.h.) er årsnedbøren 899 mm. Nedbørmengda er klart lågast om våren (31 mm i april) og høgast om hausten (113 mm i oktober). På Fannaråken (2 062 m.o.h.) ca. ein km nordvest for nedbørfeltet ligg årsnedbøren på 1 200 mm. Nedbørmengda er her lågast i mai (59 mm) og høgast i november (133 mm). Årsnedbøren vil avta mot aust i nedbørfeltet. I Øvre Årdal (25 m.o.h.) ca. fem km sørvest for nedbørfeltet er årsmiddeltemperaturen 4,7 °C, med juli som varmaste månad (14,5 °C) og januar som kaldaste månad (-4,0 °C). På Fannaråken er årsmiddeltemperaturen -4,4 °C, med juli som varmaste månad (2,7 °C) og februar som kaldaste månad (-9,7 °C). Sjølve Utladalen er kjend for eit varmt og lunt klima i vekstsesongen, samstundes som snødekket er godt om vinteren.

Med unnatak av eit drygt tre kvadratkilometer stort område lengst sørvest i nedbørfeltet ligg heile nedbørfeltet innanfor grensene til Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. I samband med oppretting av Utladalen landskapsvernområde i 1980 vart tidlegare fredning av Vettisfossen og Fosselva (Morka-Koldedøla) frå 1924 oppheva. Det knyter seg størst naturfagleg interesse til Vettisfossen, som med sine 275 meter er Nord-Europa sitt største frie, uregulerte fossefall. Avdalsfossen er ein annan høg foss. Utladalen er Norge sin djupaste dal der han skjer seg inn i Vest-Jotunheimen sitt fjellmassiv frå sørvest. Stølsmaradalen og Midtmaradalen er sær s gode døme på hengande sidedalar med U-forma tverrprofil og aktive brear. Tindepartiet Hurrungane vest for Utladalen er Jotunheimen sitt villaste fjellparti. Mest kjend og imponerande er Store Skagastølstind (2 403 m.o.h.), som også er ei utfordring for klatreinteresserte. Som naturmonument vert Utladalen og Hurrungane rekna som eineståande både nasjonalt og internasjonalt. Nedbørfeltet har stor variasjon i kvartære avsetningar og former. I Urdadalen demmar fjellskredet Store Urdi opp Hurrungbrestvatnet. Utladalen har norsk høgdegrense for furu. Dei eldste furutrea på Vettismorki skal vere over 800 år gamle. Dette området byr elles på rike myr- og våtmarksområde og har fleire raudlista soppantar. Heile Utladalsvassdraget utgjer ein del av Jotunheimen og er eit svært viktig turområde for folk lokalt, regionalt, nasjonalt og til dels også internasjonalt. Både rutenett og turisthytter er godt utbygde. Nedbørfeltet byr på mange fine utsiktspunkt. Det er relativt varierte forekomstar av kulturminne frå førhistorisk tid og middelalder knytt til villreinfangst og annan utmarksutnytting. Ein buplass frå eldre steinalder er sjeldsynt i dette området. Det er noko mindre variasjonsbreidde i kulturminne frå nyare tid. Kulturlandskapet knytt til fjellgardane Vetti og Avdalen, saman med stølsområdet på Vettismorki, inngår blant ti nasjonalt viktige kulturlandskapsområde i Sogn og Fjordane.

Utladalsvassdraget vart verna mot kraftutbygging gjennom vedtak i Stortinget 19. juni 1986 (Verneplan III). Kontaktutvalet for verneplan for vassdrag uttalar følgjande om Utladalsvassdraget i den forutgåande vurderinga av vernespørsmålet (NOU 1983: 41 *Verneplan for vassdrag III*):

”Utvalget viser til områdets verdi som en del av landets mest kjente og mest benyttede fotturiststrøk. Store deler av nedbørfeltet er allerede vernet som nasjonalpark og landskapsvernområde. Vassdraget inneholder også store verdier av naturvitenskapelig og kulturvitenskapelig art. Objektet inneholder begrensede kraftressurser. På bakgrunn av dette finner utvalget det naturlig å tilrå hele nedbørfeltet ovenfor samløpet med Avdalselva gitt varig vern.”

I NOU 1983: 42 *Naturfaglige verdier og vassdragsvern* uttaler Kontaktutvalet for verneplan for vassdrag bl.a. følgjande om Utladalsvassdraget:

”For de biologiske fagene representerer området få spesielle kvaliteter. Diversiteten er gjennomgående lav, og det er funnet lite utover det som er vanlig i regionen. Fjellområdene med dalfører og sideelver som strekker seg inn i breområder, representerer dog spesielle faglige kvaliteter, bl.a. i samband med breavsmelting og primær kolonisasjon. Her finnes økosystemer som er lite representert andre steder på Vestlandet. Geofaglig har området som helhet med sine landformer og aktive prosesser, svært stor faglig interesse.

Påvirkningen av jord- og skogbruksaktiviteter er liten. Østlige sideelver er regulert. Store deler av nedbørfeltet er påvirket av luftforurensninger fra aluminiumsverket i Øvre Årdal. Verdien som referansevassdrag er derfor redusert....

Det legges særlig vekt på de store høyde- og klimagradiene innenfor regionene, og i den sammenheng bør et vassdrag i sørvest-Jotunheimen vernes....

Utladalsvassdraget settes i verneklasse 2.”

Stortinget har gjentekne gonger slått fast at andre inngrep i dei verna vassdraga som kan redusere deira verdi for naturvern, friluftsliv og vitenskap, må søkjast unngått.

I 1994 vart det vedteke Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Retningslinjene føreset at kommunane skal klassifisere og forvalte vassdraget og nærliggjande areal innan eit nærare definert vassdragsbelte.

1.2 Hydrologi og vasskvalitet

Utladalsvassdraget (074.D-074.H) sitt nedbørfelt har eit subkontinentalt klima, der mesteparten av nedbørmengda kjem om hausten. Flaum førekjem både i samband med snøsmeltinga om våren og ved store nedbørmengder om hausten. Breane i nedbørfeltet, som til saman dekkjer ca. 25 km², gir tilsig av smeltevatn gjennom heile sommarhalvåret. Vassføringa vil difor variere sterkt med lufttemperaturen. Berekna for uregulert felt på 240 km² er middelvassføringa i Ulla 14,0 m³/s.

Utladalsvassdraget er eit middels langt brevassdrag med vatn og dei fleste elveavsnitt samla i høgfjellet. I låglandet finst berre eitt vatn, Årdalsvatn, men dette ligg om lag åtte kilometer nedanfor den verna delen av vassdraget. Ca. 85 % av nedbørfeltet ligg over skoggrensa.

Vassdraget har sine kjelder i Vest-Jotunheimen på vasskiljet mellom Austlandet og Vestlandet. Hovudløpet vender nordaust-sørvest og er i luftlinje ca. 45 km langt, av dette utgjer den verna delen ca. 28 km. Dei høgstliggjande områda er prega av brear og fjelltoppar som i Hurrungane når opp i 2 200-2 400 m.o.h. Dei største breane i nedbørfeltet er Stølsmaradalsbreen, Maradalsbreen, Jervvassbreen, Midtmaradalsbreen, Fannaråkbreen, Stølsnosbreen og Skogadalsbreen.

Øverst vert vassdraget danna av to elver som renn saman. Storutla kjem frå Gravdalen, Storutledalen og Rauddalen i nordaust, medan Vetleutla kjem frå Vetleutledalen i nord. Etter samløpet tar Utle opp ei rekkje sidevassdrag og elvar. Frå aust kjem Skogadøla frå Skogadalen, Urdadøla frå Urdadalen, Fleskedøla frå Fleskenosdalen og Morka-Koldedøla frå Morka-Koldedalen. Frå vest kjem Kongsdøla frå Kongsdalen, Jervvasselvi frå Geitvassdalen (Jervvassdalen), Kalvedøla frå Kalvedalen, Maradøla frå Maradalen, Skoddedøla frå Skoddedalen, Midtmaradøla frå Midtmaradalen og Stølsmaradøla frå Stølsmaradalen. Lengst i vest renn Gravdøla frå Gravdalen saman med Slufsedøla frå Slufsedalen og danner Avdalsfossen like ovanfor samløpet med Utle. I sideelvane og øvre del av Utle finst enkelte rolege elveavsnitt, men elles går elvane i strie stryk og fossar. Nedanfor Vetti har Utle moderat fall. Den største fossen i vassdraget er Vettisfossen, som kjem frå Morka-Koldedøla i aust. Med sitt frie fall på 275 meter er Vettisfossen Nord-Europa sitt høgste uregulerte fossefall. Ein annan fin og høg foss er Avdalsfossen nederst i elva frå Gravdalen/Slufsedalen. Like nedanfor Vetti danner Utle Hyljefossen. Dei få vatna som finst i nedbørfeltet ligg stort sett over 1 300 m.o.h. Størst er Rauddalsvatn på 0,8 km². Bortsett frå Isvatnet (1 406 m.o.h.) i vest, ligg alle vatn av nokon storleik aust for Utladalen. Lengst i nordaust ligg Gravdalsstjørnene (1 395 og 1 380 m.o.h.) og Gravdalsdammen (1 203 m.o.h.). Vidare mot sør ligg Rauddalsvatnet (1 313 m.o.h.), Mjølkedalstjørni (1 470 og 1 423 m.o.h.) og to namnlause vatn (1 448 og 1 444 m.o.h.) søraust for Olavsbu. I søraust ligg Andrevatnet (1 227 m.o.h.).

Utladalsvassdraget er vasskjemisk einsarta, noko som har samband med at berggrunnen i nedbørfeltet er lite variert. Vassføringa i Utle og fem av dei austlege sideelvane er redusert i høve til den naturlege vassføringa nedanfor kote 1 180. Dette skuldast at noko vatn er overført til Koldevatn i Tyn sitt nedbørfelt aust for Utladalsvassdraget. Med unntak av denne vassoverføringa er nedbørfeltet minimalt påverka av tekniske inngrep. Området vert lite nytta som fjellbeite for sau, då det i 1960 ikkje lenger vart rekna som forsvarleg med dyrehald i Utladalen pga. fluor-forureining frå aluminiumsverket i Årdal. Vassdraget vert vurdert som lite eigna som referansevassdrag.

Det er utført vasskjemiske granskningar i tre vatn og 18 elvestasjonar i nedbørfeltet. Dei undersøkte vatna ligg frå 1 361 til 1 480 m.o.h. På ettersommaren varierte temperaturen frå 3 °C oppunder breane til 12 °C nederst i hovudelva. Vassdraget er ekstremt ionefattig. Det vart funne svært låge verdiar for fleire målte parametrar. Leiðningsevna varierte frå 1 til 10 µS/cm, medan innhaldet av klorid, kalium og magnesium var mindre enn 0,2 mg/l. Også kalsiuminnhaldet var lågt, 0,1-1,4 mg/l og sulfatinnhaldet varierte frå 0,2 til 3,5 mg/l. Dei høgste verdiane vart målt i nedre del av Skogadalen. Vassdraget er surt, med pH 5,2-6,2.

1.3 Arealopplysningar

1.3.1 Inngrepsstatus

Delar av Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt er utan tyngre tekniske inngrep. Pr. 1.1.1998 låg to middels store område innanfor ei sone >5 km frå næraste tekniske inngrep ("villmarksprega område"). Det eine området ligg mellom Gravdalen, Hurrungane og Maradalsbreen på vestsida av Utladalen, det andre ligg lengst aust i nedbørfeltet kring øvre del av Rauddalen og Øvre Mjølkedalen. Kring desse sonene ligg høvesvis 3-5 km og 1-3 km frå næraste tekniske inngrep ("inngrepsfrie område sone 1 og sone 2"). Sona 3-5 km frå næraste tekniske inngrep er også representert kring øvre del av Morka-Kolledalen heilt søraust i nedbørfeltet og i eit belte vest for øvre del av Utladalen. Kring desse områda, og i høgdepartia mellom sideelvane aust for Utladalen, er sona 1-3 km frå næraste tekniske inngrep godt representert. Dei inngrepsfrie naturområda er viste på temakart nr. 3 bak i rapporten. Med unnatak av eit mindre område nordvest i nedbørfeltet har ikkje inngrepsstatus endra seg i perioden 1988-98.

Hovudårsaka til at store delar av nedbørfeltet ikkje har status som villmarksprega område er at fem av dei austlege sideelvane til Utle er avskorne i 1 180 meters høgde av ein "takrennetunnel" som fører vatnet austover til Koldevatn i Tyin sitt nedbørfelt. Dette gir redusert vassføring i sideelvane og i Utle. Lengst nord i nedbørfeltet er Gravdalsdammen regulert. Det går også anleggsveg frå Leirvassbu og fram til Gravdalsdammen. Dei øvrige tekniske inngrepa er konsentrert i låglandssona sørvest i nedbørfeltet, kor det går bomveg og kraftlinje inn til Vetti. Gardsbruka Vetti, Lavhaugen, Flaten og Avdalen med kringliggjande kulturlandskap er alle nedlagde. Det går elektrisk kabelbane frå Vetti og opp på platået ved Vettismorki. Langs heile Utladalen finst fleire gamle stølsbygningar, som til dels fungerer som fritidshusvære. Det finst også fleire betjente/sjølvetjente/ubetjente turisthytter og rastebuer i nedbørfeltet: Skogadalsbøen, Olavsbu, Gravdalen, Stølsmaradalen, Skagastølsbu, Ingjerdbu (Vettismorki) og Vormeli. Nedbørfeltet vert i liten grad nytta som utmarksbeite for sau.

1.3.2 Kommuneplan for Årdal

I gjeldande kommuneplan for Årdal for perioden 1987-2001, vedteke 10.12.1987, er mesteparten av Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt vist som bandlagt som høvesvis nasjonalpark og landskapsvernområde. Eit lite område lengst sørvest i nedbørfeltet er avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Nedbørfelta til verna vassdrag er ikkje innteikna på kommuneplanen sin arealdel.

1.3.3 Kommuneplan for Luster

I gjeldande kommuneplan for Luster for perioden 1991-2002, vedteke 12.02.1991, er heile arealet innanfor Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt vist som bandlagt som høvesvis nasjonalpark og landskapsvernområde. Nedbørfelta til verna vassdrag er ikkje innteikna på kommuneplanen sin arealdel.

1.3.4 Verneområde

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde dekkjer mesteparten av Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt. Landskapsvernområdet omfattar Utladalen og dei sørlegaste fjellområda på kvar side av Utladalen, medan nasjonalparken dekkjer høgfjellsområda vest, nord og aust for landskapsvernområdet, dvs. fjellmassivet Hurrungane, Fannaråken, Rauddalstindane og Mjølkedalstindane. Ved opprettinga av Utladalen landskapsvernområde i 1980 vart fredninga av Vettisfossen og Fosselva (Morka-Koldedøla) frå 1924 oppheva. Innanfor landskapsvernområdet er ei stor gran i Vettismorka freda som naturminne.

Formålet med Jotunheimen nasjonalpark er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innanfor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervising og forskning. For Utladalen landskapsvernområde er formålet å verne eit vilt og vakkert vestlandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv,

1.4 Rapporten sine målsetjingar og begrensningar

Formålet med denne rapporten er å samanstille og presentere på ein oversiktleg måte eksisterande kunnskap om natur-, kultur-, landskaps- og friluftsfaglege verdiar i Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt. Rapporten er skriven med utgangspunkt i ein rettleiar som er utarbeidd av DN og NVE i september 1997.

Datagrunnlaget som denne rapporten byggjer på har vekslende kvalitet, og for fleire av fagområda manglar detaljkunnskap.

Difor kan det også finnast andre verdiar som har betydning for Utladalsvassdraget sin verneverdi enn dei som er påpeika i denne rapporten.

2.0 PROSESSAR OG FORMER SKAPT AV IS OG VATN

Dokumentasjonen av berggrunnsgeologiske og kvartærgeologiske tilhøve i Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt byggjer på geologiske kart over landsdelen, kvartærgeologisk kart og utgreiingar for Sogn og Fjordane og verneplan III-utgreiingar for Utladalsvassdraget.

Utladalsvassdraget er eit av dei få verneplan III-vassdraga med større innslag av aktive brear, og aktiv elvetransport både i form av suspensjon og botntransport. Vassdraget peikar seg ut som eit mangfaldig og variert vassdrag, m.a. karakterisert av eit sterkt elveerodert hovuddalføre med stor aktivitet i dei høge, bratte skråningane og aktiv elvetransport. Elles er det stor variasjon i kvartære avsetningar og former. Området er klassisk i geomorfologisk forskning. Det verna området utgjer ikkje noko heilheitleg vassdrag, mellom anna er låglandssona svært lite representert. Verdien som typevassdrag er difor moderat.

2.1 Vassdragelement og dagens prosessar

Utladalsvassdraget har eit sterkt elveerodert hovuddalføre med stor aktivitet i dei høge, bratte skråningane og aktiv elvetransport både i form av suspensjon og botntransport. Låglandssona er svært lite representert innanfor den verna delen av vassdraget.

Elveavsetningar fyller fleire stader botnen av sidedalane til Utladalen. Førekomsten er størst langs Morka-Koldedøla like ovanfor Vettisfossen, fleire stader langs Fleskedøla og langs delar av Skogadøla og Storutla. Det finst også elveavsetningar i Gravdalen ovanfor Gravdalsvatnet og langs Utla ovanfor samløpet med Skoddedøla. Mellom Skåri og Tronteigen nedanfor den verna delen av Utladalen finst ei større elveslette. Enkelte elveavsetningar er overdekte av myr.

I sentrale delar av Utladalen renn Utla ganske stri og har fleire stader erodert djupe canyonar. Både Utla og dei mange sidevassdraga som kjem frå Utladalen sine hengande sidedalar, dannar fleire markerte fossefall. Den høgste og mest kjente av fossane som stuper ut i hovuddalføret er Vettisfossen, som kjem frå Morka-Koldedøla i aust. Med sitt frie fall på 275 meter er Vettisfossen Nord-Europa sitt høgste uregulerte fossefall. Ein annan fin og høg foss er Avdalsfossen nederst i Gravdøla. Like nedanfor Vetti dannar Utla Hyljefossen.

Det er mange skredavsetningar ved foten av dei bratte dalsidene i nedbørfeltet, både i sidedalane og i hovuddalføret. Det finst særleg mykje skredmateriale i Stølsmaradalen og Midt-Maradalen. Store Urdi, som ligg på tvers av Urdadalen og demmar opp Hurrungbrestvatnet, er danna ved eitt enkelt fjellskred. Dette er ei av dei største urene av denne typen i landet.

Kring dei høgste fjelltoppane i nedbørfeltet, som til dømes Rauddalstindane, finst forvittringsmateriale og blokkhav.

Utladalsvassdraget har stort innslag av aktive brear, om lag 25 km². Vest for Utladalen er dei største breane: Stølsmaradalsbreen, Maradalsbreen, Jervvassbreen, Midtmaradalsbreen og Fannaråkbreen. Aust for dalføret er Stølsnosbreen og Skogadalsbreen størst. Fjellområda med dalføre og sideelvar som strekkjer seg inn i breområde, representerer spesielle faglege kvalitetar, bl.a. i samband med breavsmelting.

2.2 Former og spor etter avslutta prosessar

Utladalsvassdraget peikar seg ut som eit mangfaldig og variert vassdrag med stor variasjon i kvartære avsetningar og former. Området er klassisk i geomorfologisk forskning.

Morene dekkjer store areal i Gravdalen, Gjertvassdalen (Jervvassdalen) og i dalføra aust for Utladalen. Mektigheita er fleire stader stor. Dette gjeld også i sentrale delar av Stølsmaradalen og Midtmaradalen. Framfor dei mange breane er det mange morenerygger frå historisk tid, noko som gir gode moglegheiter til å studere breprosessar. Randmoreneryggane er særleg markerte i Maradalen, Gravdalen, aust og vest for Surtningstinden i Storutledalen/Gravdalen og i Simledalen nord for Rauddalstindane. Det finst også ein større morenerygg nord for Mjølkedalspiggan i Skogadalen. Lokalt i nedbørfeltet opptre enkelte meir eller mindre markerte eigenformer (formelement) i lausmassedekket. Øverst i Stølsmaradalen har morenedekket fleire stader ein haug- og ryggforma overflate.

I Gjertvassdalen er det funne sediment under morenen som er kvartærgeologisk interessante.

Større brerandavsetningar finst i eit område sør for Vettismorki, i sørlege del av Urdadalen og mellom to store morenerygger vest for Surtningstinden i Storutledalen/Gravdalen. Marin grense i området ligg om lag 105 m.o.h.

2.3 Andre geofaglege element

Berggrunnen innanfor nedbørfeltet er lite variert og tilhøyrrer i det vesentlege Jotundekket, som ligg i kjernen av den kaledonske fjellkjeda. Dei såkalla "Jotunbergartane" er eit kompleks av omdanna gabbrobergartar. I Utladalen og Vettismorki er berggrunnen dominert av amfibolitt, som er relativt basisk. Det finst to markerte forkastningar i nedbørfeltet. Den eine følgjer Utladalen, medan den andre ligg parallelt med Utladalen noko lengre aust. Mellom desse forkastningene førekjem mylonitt og andre sterkt omdanna bergartar. Aust for Utladalen opptre basiske bergartar dominert av amfibolitt. Vidare mot sør og aust finn ein mangeritt, syenitt og jotunitt, som inneheld om lag 5-20 % kvarts. Desse bergartane vitrar seint og gir oftast næringsfattig jord. Det finst elles enkelte parti med olivin. "Jotunbergartane" er av høg prekambrisk alder. Forkastningane og metamorfosen er av kaledonsk alder.

Tindepartiet Hurrungane vest for Utladalen er eit av dei mest kjente og imponerande fjellområda i Norge med karakteristiske alpine former som botnar, eggjar, tindar og brear. Aller høgast er Store Skagastølstind (2 403 m.o.h.), Norges tredje høgste fjell.

Det finst forholdsvis lite myr innanfor nedbørfeltet. Mesteparten ligg i området kring Vettismorki, elles finst mindre førekomstar i Gravdalen, Skogadalen, Gjertvassdalen, Fleskenosdalen og Stølsmaradalen.

2.4 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser geologiske/kvartærgeologiske delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle interesser til. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 1 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
P1	Vettisfossen	Fossefall	1	Nasjonal
P2	Avdalsfossen	Fossefall	1	Nasjonal
P3	Utladalen/Vettisgjelet	Djup V-dal med canyonar	1	Nasjonal
P4	Hurrungane	Høgalpint fjellområde	1	Nasjonal
P5	Stølsmaradalsbreen	Bre	1	Regional
P6	Maradalsbreen	Bre	1	Regional
P7	Skogadalsbreen	Bre	1	Regional
P8	Hyljefossen	Fossefall	1	Regional
P9	Stølsmaradalen	Hengande U-dal	1	Regional
P10	Midtmaradalen	Hengande U-dal	1	Regional
P11	Store Urdi	Skredavsetning	1	Regional
P12	Øvre Gravdalen	Randmorenerygger	1	Regional
P13	Maradalen	Randmorenerygger	1	Regional
P14	Vest for Surtningstinden	Randmorenerygger	1	Regional
P15	Aust for Surtningstinden	Randmorenerygger	1	Regional
P16	Simledalen	Randmorenerygger	1	Regional
P17	Skogadalen	Randmorenerygger	1	Regional
P18	Gravdalen	Morenerygger mv.	1	Lokal

3.0 BIOLOGISK MANGFALD

Kunnskapen om biologisk mangfald i Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt er henta frå Naturbasen, frå Årdal og Luster kommunar, frå ulike kartverk, publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen og frå verneplan III-utgreiingar for Utladalsvassdraget.

Den freda delen av Utladalsvassdraget utgjer ikkje noko heilheitleg vassdrag, og låglandssona er svært lite representert. Vassdraget sin verdi som typevassdrag er difor moderat. For dei biologiske faga representerer området få spesielle kvalitetar. Diversiteten er gjennomgåande låg, og det er funne lite utover det som er vanleg i regionen. Fjellområda med dalføre og sideelvar som strekkjer seg inn i breområde, representerer likevel spesielle faglege kvalitetar, mellom anna i samband med breavsmelting og primær kolonisasjon. Her finst økosystem som er lite representert andre stader på Vestlandet. Nedbørfeltet er lite påverka av jord- og skogbruksaktivitetar, men andre påverknader reduserer verdien som referansevassdrag. Det aller meste av nedbørfeltet ligg innanfor Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

3.1 Ferskvassbiologi

Utladalsvassdraget er eit brevassdrag med vatn og dei fleste elveavsnitt samla i høgfjellet. Det einaste vatnet som ligg i låglandet, Årdalsvatn, ligg ca. åtte km nedanfor den verna delen av vassdraget. Ca. 85 % av nedbørfeltet ligg over skoggrensa. Dei få vatna som finst i nedbørfeltet ligg stort sett høgare enn 1 300 m.o.h. Størst er Rauddalsvatn på 0,8 km². Dei høgstliggjande områda er prega av brear. I sideelvane og øvre del av Utlå finst enkelte rolege elveavsnitt, men elles går elvane i strie stryk og fossar.

Det er utført vasskjemiske granskningar i tre vatn og 18 elvestasjonar. Dei undersøkte vatna ligg frå 1 361 til 1 480 m.o.h. På ettersomaren varierte temperaturen frå 3 °C oppunder breane til 12 °C nederst i hovudelva. Vassdraget er vasskjemisk einsarta og ekstremt ionefattig. Det vart funne svært låge verdiar for fleire målte parametre. Leidningsevna varierte frå 1 til 10 µS/cm, medan innhaldet av klorid, kalium og magnesium var mindre enn 0,2 mg/l. Også kalsiuminnhaldet var lågt, 0,1-1,4 mg/l, og sulfatinnhaldet varierte frå 0,2 til 3,5 mg/l. Dei høgste verdiane vart målt i nedre del av Skogadalen. Vassdraget er surt, med pH 5,2-6,2.

Berre enkelte stader i vassdraget er det sparsam mosevekst. Høgare vegetasjon manglar i vatna.

Totalt vart det registrert ti artar småkreps, fem artar hoppekreps og fem artar vannlopper. Både artsantal og individtettleik var svært låge. Dei registrerte artane er alle høgfjellsartar, og *Cyclops abyssorum taticus* er her i landet berre funne i høgfjellet.

I strandsona vart ni ulike dyregrupper funne, og individtettleiken varierte frå 200 til 2 400 dyr pr. prøve, med ein middelværdi på ca. 900 dyr. Dette er høge tal, særleg når høgda over havet vert teke omsyn til. Årsaka er dominansen av fjærmygg, og dels rundormar, som kan førekome i stort tal i brepåverka lokalitetar. Småmuslingar og steinfluger førekom på fleire lokalitetar.

På elvestasjonane vart det registrert 14 dyregrupper, varierende frå ein til ni på dei ulike innsamlingsstadane. Individtalet var lågare enn i vatna og varierte frå 80 til 800, med ein middelværdi på 200 pr. prøve. Dette er det lågaste registrerte talet i verneplan III-vassdrag på Vestlandet. Generelt hadde stasjonane over skoggrensa og i vierkrattområde dei største individtettleikene. I rennande vatn førekom fjærmygg og knott i størst tal, medan steinfluger utgjorde ein større del berre på eit par innsamlingsstader.

I vassdraget er det påvist fire artar døgnfluger og åtte artar steinfluger. Hyppigst førekomande steinflugeart er *Isoperla obscura*, som elles ikkje er vanleg på Vestlandet. Av vårfluger er det påvist fem artar.

Evertebratfaunaen er samla sett artsfattig og lite variert både i vatn og elv. Vassdraget kan difor seiast å vere eit enkelt økosystem. Det vert vurdert som lite eigna som referansevassdrag.

Aure er einaste innlandsfiskeart i nedbørfeltet og finst utbreidd i mange vatn og vassdrag. Dei fleste vatna er høgtliggjande, og ein del av desse er truleg fisketomme. Utlå er lakse- og sjøauførande opp til Skårahølen, ca. ein km nedanfor den verna delen av vassdraget. Dei siste åra er det rapportert store fangstar av sjøaufe i elva.

3.2 Naturtypar

Den verna delen av Utladalsvassdraget omfattar alle vegetasjonssoner frå botnen av Utladalen på ca. kote 100 m.o.h. til brear og fjelltoppar som når opp i 2 200-2 400 m.o.h. i Hurrungane og Vest-Jotunheimen. Vegetasjonsutforminga og den floristiske samansetninga i nedbørfeltet viser for det meste kontinentale trekk. Den oseaniske klimapåverknaden er liten og kystplantane opptre svært sparsamt. Både flora og vegetasjon er relativt lite variert og middels rik på karplanteartar. Dette skuldast topografien så vel som kalkfattig berggrunn. På grunn av at Utladalen er trong og bratt, er låglandssona lite representert. Skogsona omfattar berre om lag 15 % av arealet. Subalpin og alpin sone har derimot vid utbreiing.

Skoggrensa i nedbørfeltet strekkjer seg oppover mot 1 100-1 200 meters høgde, og er her blant dei høgste i Norge. Mellom anna har furu norsk høgdegrensing i Utladalen ca. 1 100 m.o.h. Kombinasjonen av gunstig lokalklima, friskt sigevatn og varm skredjord gir gode vilkår for ein frodig vegetasjon i dalsidene. Pga. varmare klima og nedlegging av stølsdrifta er skogen no på sterk frammarsj i området. Dette er særleg tydeleg i Stølsmaradalen.

I nedre del av Utladalen opptrer edellauvskog med høgt innslag av alm og hassel. Meir spreidd førekjem lind og ask. Mange eldre lauvtre ber preg av å ha vore "styvde", dvs. at dei vart nytta til forproduksjon gjennom lauving, risping, rising ol. Arealmessig betyr edellauvskogen lite i nedbørfeltet. Skogsona vert dominert av gråor nederst og bjørk øverst. Det finst elles innslag av rogn og osp. Bjørkeskogen dekkjer størst areal og er lite variert. Engbjørkeskog og blåbærbjørkeskog er godt utvikla i Utladalen, Skogadalen og oppe på Vettismorki. I Utladalen er engbjørkeskogen høgproduktiv med rikt innslag av store bregner og høge staudar som tyrihjelme, skogstorknebb, kvitblattistel, vendelrot, turt og kvann. Låge urter og blåbærlyng dominerer vegetasjonen i fjellskogen høgare opp i lendet, der også furu opptrer.

Eit særtrekk ved furuskogen i Utladalen er innslag av gamle tre. Dei eldste trea på Vettismorki skal vere over 800 år gamle, og ei stor gran i Vettismorka er freda som naturminne. Gadd (tørrfuru) har vore eit karakteristisk trekk ved den høgareliggjande furuskogen i Utladalen. I 1892 vart det meldt at Vettismorki "gråna" av tørrfuru. Årsaka til dette kan ha vore tørke og insektangrep. Etter at aluminiumsverket i Årdal starta opp kring 1950, vart det registrert ein dramatisk auke i skogskadar som følgje av fluorutslepp. Dei største utsleppa fann stad på 1960- og 1970-talet. Frå slutten av 1980-talet er utsleppa redusert monaleg, slik at det no vert registrert fluorskadar berre nokre få stader, og ny furuskog er i ferd med å vekse opp. Utsleppa frå aluminiumsverket har også hatt innverknad på annan vegetasjon i området.

Rasmarkvegetasjon og frodige engsamfunn på skredmateriale førekjem vanleg både i låglandet og i lågalpin sone. Det finst lite myrvegetasjon i nedbørfeltet. Forutan mindre førekomstar i Gravdalen, Skogadalen, Gjertvassdalen, Fleskenosdalen og Stølsmaradalen, finst fleire fattige, middels rike og rike bakkemyrar og flatmyrar i terrenget kring Vettismorki.

Over skoggrensa har blåbær-blålyngheiar, grasheiar, rabbesivheiar og musøresnøleier stor utbreiing. Vierkratt av ulike utforminger, lågalpine engsamfunn og lågalpine myrar finst spreidd. Fjellvegetasjonen er noko prega av tidlegare stølsdrift, men vert berre unntaksvis påverka av beite i dag. Vatn- og vasskantvegetasjon manglar nesten heilt, berre 12 artar vassplantar er registrert.

Det er registrert ca. 400 artar karplantar i nedbørfeltet, noko som er eit middels tal for vassdrag i indre fjordstrok. Fire floraelement er representerte. Berre sju artar kystplantar er registrert, og alle opptrer sparsamt. Det sørlege elementet er betre representert med 11 artar. Blant dei søraustlege artane er tjæreblom, bakkemynte, raudkjeks og kvitbergknapp mest vanlege. Dei sørvestlege artane er meir fåtalige, men myske og edellauvtre er utbreidd i låglandet. Det austlege elementet er relativt godt representert med 29 artar. Fleire av artane er relativt sjeldsynte på Vestlandet, t.d. knerot, olavsstake og sveltull. Fjellfloraen er relativt artsfattig og består vesentleg av vanlege artar. Det inngår også ein del austlege artar som skoresildre, kastanjesiv og bleikmyrklegg. Av artar som er sjeldsynte på Vestlandet kan nemnast huldregras, storrap, skoresildre, lodneperikum, tysbast og myskemaure.

Botanisk innhald vassdraget stort sett berre element som ein kan vente å finne i indre fjordstrok på Vestlandet. Spesiell interesse knyter det seg til vegetasjonen i og langs breelvane, spesielt i Maradalen, Midtmaradalen og Stølsmaradalen. Dette er økosystem som ein ikkje finn så mange stader i landet.

Granskingar kring høvesvis Avdalen gard og Vettismorki har vist at desse gamle kulturlandskapa har ein rik soppflora. Ved Avdalen er følgjande sjeldsynte artar registrerte: Liten sotgråhatt, melraudskivesopp, safransmåfingersopp og *Crepidotus epibryus*. Safransmåfingersopp er svært sjeldsynt i Norge og er ikkje påtreft andre stader på Vestlandet. I Vettismorki er dei sjeldsynte artane seig østerssopp og skifervokssopp registrerte.

3.3 Vilt

Fleire av dei vanlege dyreartane for Vestlandet er tilstades i nedbørfeltet. I regional samanheng er bestandane normalt store. Viltbiologisk vert området vurdert til å ha middels verdi som typeområde og låg verdi som referanseområde. Totalt sett er mange artar påtrefte, og mange artar har gode potensielle biotopar i nedbørfeltet. Som produksjonsområde for vilt har området middels verdi. Vassdraget inneheld få biotoptypar, då meir enn 85 % av arealet ligg over tregrensa.

I Utladalen er det korte avstandar mellom høg fjell og frodige, skogkledte dalar, noko som gjer at dyrelivet har stor spennvidde. Samtlege fire hjortedyrartar opptrer i nedbørfeltet; villrein, elg, hjort og rådyr. Nedbørfeltet inngår i Vest-Jotunheimen villreinområde, der høg fjellsområda på kvar side av Utladalen vert nytta anten som heilårsområde, sommerbeite, vinter- og vårbeite eller som trekkorridor. Aust for Utladalen vert område ved høvesvis Øytjørnosi, Uradalen og Storutledalen fast nytta av villreinen. Nærare granskingar i områda vest for Utladalen i 1998 viste at heile området frå Gravdalen og nordaustover mot Gjertvassdalen vart nytta som sommarbeite for bukkar, medan dei høgareliggjande områda frå Styggedalsbreen mot Storokslø lengst nordvest i nedbørfeltet vart nytta som vinter- og vårbeite for bukkar. Områda kring Kyrvassnosi/Gravdalsbandet vest for Gravdalen vart nytta som vinterbeite for simler/kalvar.

Hjorten nyttar store delar av nedbørfeltet og har viktige sommerbeite i nordre del av Utladalen og mellom Ulsnanosi og Morka-Koldedøla sør i nedbørfeltet. I sistnemnde område har også elgen sommarbeite.

Av andre pattedyr finst hare, raudrev, mår, mink, røyskatt, snømus, flaggermus og ulike smågnagarartar. Gaupe har tilhald i traktene, medan jerv opptrer jamleg som streifdyr i området. Av andre sjeldsynte artar har fjellrev og oter vorte observert.

Fuglefaunaen i Utladalsvassdraget er lite variert og individrik, noko som følgjer naturleg av nedbørfeltet sin beliggenheit og einsformigheit. Fuglelivet i lauvskogane er typisk for dei vanlege skogtypar på Vestlandet. Høgast tettleik er registrert i dei relativt opne områda med bjørke- og furuskog i Vettismorki. Dette er truleg også det mest interessante området innanfor nedbørfeltet. Også edellauvskogsområda og randsonene kring gammal kulturmark er spesielt fuglerike med mange sporvefuglartar, m.a. kravfulle artar som gulsongar, hagesongar og munk.

Våtmarksområda i nedbørfeltet består hovudsakleg av næringsfattige fjellvatn og strie elver, med tilsvarende fattig fuglefauna. Eit unntak er myrområda i Vettismorki, som er viktig hekkeplass for våtmarksfugl.

Av høsefuglar finst lirype og fjellrype spreidd i fjellområda. Dei beste heilårsområda for fjellrype ligg sørvest for Gravdalen og kring Øytjørnnosi og Ulsnanosi sør i nedbørfeltet. Området mellom Gjertvassdalen og Kongsdalen er viktige sommarområde. Viktige heilårsområde for lirype finst nederst i Gravdalen, Stølsmaradalen og Midtmaradalen og i nedre delar av Fleskenosdalen og Morka-Koldedalen med Vettismorki. Skogadalen er viktig vinterområde, medan området mellom Gjertvassdalen og Kongsdalen er viktige sommarområde. Orrfugl og storfugl opptrer i små bestand. Orrfugl har sine viktigste heilårsområde i Utladalen, i nedre del av Fleskenosdalen og kring Vettismorki.

Seks rovfuglartar er registrerte i nedbørfeltet: Kongeørn, høsehauk, sporvehauk, fjellvåk, dvergfalk og tårnfalk. Det er vidare registrert fire ugleartar: Hubro, perleugle, haukugle og kattugle. Til saman tre spetteartar er påtreffe; vende Hals, gråspett og dvergspett.

Dei store, og nestan vegetasjonslause, hei- og fjellområda har ein karakteristisk, men artsfattig fauna, også sett i høve til andre vassdrag.

Dei mest sjeldsynte fugleartane i nedbørfeltet er gluttsnipe, haukugle og såerle.

3.4 Raudlisteartar

Enkelte fugle- og pattedyrartar og soppartar som er påtreffe i nedbørfeltet står oppført på den reviderte norske raudlista for truga pattedyr og fuglar (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Fjellrev står oppført under kategori E på raudlista; *artar som er direkte truga og som står i fare for å døye ut i nær framtid dersom dei negative faktorane får halde fram å verke.*

Høsehauk, hubro, vende Hals og safransmåfingersopp står oppført under kategori V på raudlista; *sårbare artar med sterk tilbakegang, og som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane får halde fram å verke.*

Jerv, kongeørn, liten sotgråhatt, seig østerssopp og *Crepidotus epibryus* står oppført under kategori R på raudlista; *sjeldsynte artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon pga. låge individtal eller spreidd eller sparsam utbreiing.*

Gråspett, dvergspett, melraudskivesopp og skifervokssopp står oppført under kategori DC på raudlista; *omsynskrevjande artar som ikkje høyrer til kategori E, V eller R, men som pga. tilbakegang krev spesielle omsyn eller tiltak.*

Oter og gaupe står oppført under kategori DM på raudlista; *omsynskrevjande og fåtalige artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som truga. Bestandsovervaking er ønskjeleg.*

Ein kan ikkje sjå bort frå at også andre raudlista artar opptrer i nedbørfeltet, til dømes ulike flaggermusartar (DM). Sjansen for å påtreffe raudlista artar vil truleg likevel vere størst blant lågareståande plante- og dyregrupper.

Dei påtreffe artane jerv, oter, villrein, lemen, fjellrype og bergirisk står oppført som norske ansvarsartar i raudlista.

3.5 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle interesser til med omsyn til biologisk mangfald. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 2 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
B1	Jotunheimen	Nasjonalpark	2	Nasjonal
B2	Utladalen	Landskapsvernområde	2	Nasjonal
B3	Utladalen	Dalføre, høgdegrense furu	2	Nasjonal
B4	Vettismorki	Barskog/våtmark/myr/sopp	2	Regional
B5	Maradalen	kolonisasjon/breavsmelting	2	Regional
B6	Stølsmaradalen	kolonisasjon/breavsmelting	2	Regional
B7	Midtmaradalen	kolonisasjon/breavsmelting	2	Regional
B8	Gravdalen vest	Villrein, simler/kalvar vinter	2	Regional
B9	Gravdalen-Gjertvassdalen	Villrein, bukkar, sommar	2	Lokal
B10	Styggedalsbreen-Storokslid	Villrein, bukkar, vinter/vår	2	Lokal
B11	Storutledalen	Villrein	2	Lokal
B12	Uradaalen	Villrein	2	Lokal
B13	Øytjærnnosi	Villrein	2	Lokal
B14	Vettisgjelet	Hjort	2	Lokal
B15	Utladalen-Skogadalen	Hjort, sommar	2	Lokal
B16	Ulsnanosi-Vettismorki	Hjort og elg, sommar	2	Lokal
B17	Avdalen	Sopp	2	Lokal
B18	Gravdalen sørvest	Fjellrype, heilårsområde	2	Lokal
B19	Øytjærnnosi	Fjellrype, heilårsområde	2	Lokal
B20	Ulsnanosi	Fjellrype, heilårsområde	2	Lokal
B21	Gjertvassdalen nord	Fjellrype og liryte, sommar	2	Lokal
B22	Gravdalen	Liryte, heilårsområde	2	Lokal
B23	Stølsmaradalen	Liryte, heilårsområde	2	Lokal
B24	Midtmaradalen	Liryte, heilårsområde	2	Lokal
B25	Morka-Koldedalen	Liryte, heilårsområde	2	Lokal
B26	Skogadalen	Liryte, vinter	2	Lokal
B27	Vetti	Orrfugl, heilårsområde	2	Lokal
B28	Utladalen	Orrfugl, heilårsområde	2	Lokal
B29	Fleskenosdalen	Orrfugl, heilårsområde	2	Lokal
B30	Vettismorki nord	Orrfugl, heilårsområde	2	Lokal
B31	Vettismorki sør	Orrfugl, heilårsområde	2	Lokal

4.0 LANDSKAPSBILDE

Landskap kan i planfagleg samanheng definerast som det samla fysiske miljøet som omgir oss utandørs. I omgrepet inngår naturgrunnlag, biologisk innhald, historisk innhald, symboltyding, identitet og estetiske kvalitetar. Landskapsbildet er totalinntrykket/opplevinga av landskapet som oppfattast med heile sansesystemet. Her kjem også lydar og lukt inn. I internasjonal samanheng er landskap med eit naturleg og urørt preg ein av dei største opplevingsverdiane eit område kan by på.

Landskapet kan inndelast i "småskala" og "storskala" landskap. Her spelar terrengform, naturtilhøve og detaljinnhald inn. Storskala landskap vert kjenneteikna av store, einheitlege landskapsrom med få landskapselement. Småskala landskap skildrar ein mosaikk med mindre og fleire landskapsrom.

Kunnskapen om framtrudande landskapselement i Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt er henta frå topografiske, geologiske og kvartærgeologiske kart, frå ulike publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen og verneplan III-utgreiingar for Utladalsvassdraget. Omtalen av landskapsregionar byggjer på den nasjonale inndelinga i landskapsregionar (Elgersma & Sønstebø 1995, Elgersma 1996, Elgersma & Asheim 1998).

4.1 Landskapsregion og særpreg

I følgje den nasjonale inndelinga i landskapsregionar tilhøyrer dei lågtliggjande delane av Utladalen lengst sørvest i nedbørfeltet region 23: *Indre bygder på Vestlandet* underregion 23.15: *Årdal*. Resten av nedbørfeltet, dvs. fjellområda som ikkje er eksponert mot fjordlandskapet, ligg innanfor region 16: *Høgjellet i Sør-Norge* underregion 16.10: *Vest-Jotunheimen*.

Region 23 omfattar det ultimate fjordlandskapet i indre delar av Vestlandet. Landskapsinntrykket er dramatisk, med djupe fjordar og dalføre omkransa av snø- og breklede fjelltoppar. Sognefjorden med kringliggjande dalføre er ei storform med bratte og høge lisider. Dalsidene har markert linjering etter skyvedekka. Dei fleste skogtypene er representerte, og plantelivet er mangfaldig. I liene på nordsida av fjorden og dei djupe dalføra er det edellauvskog nederst og fattig furuskog øverst. Fjord- og dalløpet er vekslande både i storleik og form. Elvar og fossar ligg for ein stor del gøymt i små gjel under frodig vegetasjon og gjer ofte lite av seg. Jordbruksmarka er den sterkaste landskapskomponenten. Det levande og fruktbare kulturlandskapet med frukt dyrking, husdyrhald og skogsdrift har lange historiske røter og er verdifullt for opplevingsverdien av landskapet.

Resten av Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt, dvs. Utladalen ovanfor Hjelle-Vetti og fjellområda, tilhøyrer region 16: *Høgjellet i Sør-Norge*. Regionen omfattar eit fjellandskap med kraftig relieff og stort spenn i landformer.

Landskapet vert prega både av naken berg og av aktive frostprosessar som har gitt opphav til blokkmark og område prega av jordflyt. Raskjegler og jordtunger er difor hyppig førekomande fenomen i regionen. Vatna er botnvatn med karakteristiske morenerygger som ligg kring dei. I tilknytning til botnbreane finst fleire breelvar. Vassdraga har stort fall, slik at avrenning skjer hurtig. Regionen har høgaltin vegetasjon. I lågare strok dominerer grashei- og snøleiesamfunn. Høgare opp manglar samanhengande dekke av karplantar. Her finst mosematter i søkka og lav på verutsette flater.

4.2 Framtredande landskapselement

Store delar av nedbørfeltet tilhøyrrer høgfjellsområda i Vest-Jotunheimen, som er eit av dei mest kjente og imponerende fjellområda i Norge. Alpine former som botnar, egger, tindar og brear er karakteristiske trekk. Tindepartiet Hurrungane vest for Utladalen er landskjent med toppar som når over 2 400 m.o.h. Aller høgast er: Store Skagastølstind (2 403 m.o.h.), Styggedalstindane (2 387 m.o.h.), Ringstindane (2 284 m.o.h.) og Austanbotntindane (2 204 m.o.h.). Frå Hurrungane er det framifrå utsikt mot kringliggjande land- og fjellområde som Jostedalsbreen og Breheimen i nordvest, Jotunheimen i aust og Fillefjell og Skarvheimen i sør. Dei høgste fjelltoppane nord og aust i nedbørfeltet er: Rauddalsegga (2 168 m.o.h.), Rauddalstindane (2 157 m.o.h.), Snøholtinden (2 141 m.o.h.), Mjølkedalstinden (2 137 m.o.h.), Gravdalstinden (2 113 m.o.h.), Stølsnostinden (2 074 m.o.h.), Falketind (2 067 m.o.h.) og Høgvagltindane (2 066 m.o.h.). Frå fjellpartiet Friken (1 503 m.o.h.) på grensa mellom Årdal og Luster kommunar er det fin utsikt over Utladalen og fleire av sidedalføra. Dei største breane i nedbørfeltet ligg kring Hurrungane og Fannaråki vest for hovuddalføret: Stølsmaradalsbreen, Maradalsbreen, Jervvassbreen, Midtmaradalsbreen og Fannaråkbreen. Aust for Utladalen er Stølsnosbreen og Skogadalsbreen størst. Berre mindre delar av Smørstabbreen i nord ligg innanfor nedbørfeltet.

Gjennom dette høgfjellslandskapet skjer den markerte Utladalen med sidedalar seg inn og gir området eit kraftig relieff. Utladalen er landet sitt djupaste dalføre og verkar som ei forlenging av Årdalsfjorden og Årdalsvatn inn mot hjartet av Jotunheimen. Hovuddalen er berre fire mil lang, men omgitt av eit 50-tal tindar over 2 000 m. På same strekninga møtest eit 20-tal hengande sidedalar, alle med meir eller mindre høge fossefall frå dalmunningane. Av sidedalføra peikar Stølsmaradalen og Midtmaradalen seg ut med eit særleg markert U-forma tverrprofil. Dei øvste delane av Utladalen er vide og flatbotna og står i skarp kontrast til gjelet som byrjar å skjere seg ned ved samløpet mellom Gjertvasselvi og Utla. Mot Vetti, kor gjelet tiltar både i djupne og breidde, er det sterkt opprivne landskapet eit imponerende skue. På kvar side av Vettisgjelet stig bratte fjellsider over 1 000 m til vers. Sør for Vettisgjelet vidar Utladalen seg ut, og elva renn rolegare. Som naturmonument vert Utladalen rekna som eineståande, både nasjonalt og internasjonalt.

Utladalen er kjend for sine vakre fossar som fleire stader stuper ut i hovuddalføret. Mest kjend er Vettisfossen, som kjem frå Morka-Koldedøla i aust. Vettisfossen har eit fritt fall på 275 m og er Nord-Europa sitt høgste uregulerte fossefall. Ein annan fin og høg foss er Avdalsfossen nederst i Gravdøla. Like nedanfor Vetti dannar Utla Hyljefossen.

Kjente landskapsmotiv frå Utladalen og kringliggjande fjellområde er gjengitt på mange fotografi og maleri.

Verdifulle kulturlandskap i Utladalen er omtala i Kap. 6.

4.3 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle landskapsinteresser til. Løpenummeret for det enkelte delområde/objekt samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 3 bak i rapporten. På temakartet er også innteikna villmarksprega område og inngrepsfrie naturområde sone 1 og 2 i nedbørfeltet (sonene høvesvis >5 km, 3-5 km og 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep).

Nr	Namn delområde	Objekt	Kart nr.	Verneverdi
L1	Vettisfossen	Fossefall og gjel	3	Nasjonal
L2	Avdalsfossen	Fossefall	3	Nasjonal
L3	Utladalen/Vettisgjelet	Djup V-dal med canyonar	3	Nasjonal
L4	Hurrungane	Høgalpint fjellområde	3	Nasjonal
L5	Stølsmaradalen	Hengande U-dal med bre	3	Regional
L6	Midtmaradalen	Hengande U-dal med bre	3	Regional
L7	Hyljefossen	Fossefall	3	Regional
L8	Øvre Utladalen	Gammalt dalføre	3	Regional
L9	Skogadalsbreen	Bre	3	Regional
L10	Rauddalsegga	Landemerke/utsiktspunkt	3	Regional
L11	Rauddalstindane	Landemerke/utsiktspunkt	3	Regional
L12	Snøholtinden	Landemerke/utsiktspunkt	3	Regional
L13	Mjølkedalstinden	Landemerke/utsiktspunkt	3	Regional
L14	Gravdalstinden	Landemerke/utsiktspunkt	3	Regional
L15	Stølsnostinden	Landemerke/utsiktspunkt	3	Regional
L16	Falketind	Landemerke/utsiktspunkt	3	Regional
L17	Høgvagltindane	Landemerke/utsiktspunkt	3	Regional
L18	Friken	Utsiktspunkt	3	Lokal

5.0 FRILUFTSLIV

Kunnskapen om friluftslivsinteresser i Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt er henta frå Naturbasen, frå Årdal og Luster kommunar, frå lokale turistkontor, frå ulike publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Sogn og Fjordane eller regionen og frå verneplan III-utgreiingar for Utladalsvassdraget.

Nedbørfeltet er eit svært viktig turområde for folk i Sør-Norge, særleg pga. dei mektige fossane og det dramatiske landskapet. Dei landskapsmessige kvalitetane ved fjellområdet og sjølv vassdraget er av uerstatteleg verdi, og mesteparten av nedbørfeltet er verna som nasjonalpark og landskapsvernområde. Vassdraget har sitt utspring i høgfjellspartia i dei vestlege delar av Jotunheimen, der dei høgste toppane når opp til 2 200-2 400 m.o.h. og store delar av arealet er bredekt. Gjennom høgfjellslandskapet skjer Utladalen med sidedalar seg inn og gir området eit kraftig relieff. Mektige fossar stuper fleire stader ut i hovuddalføret, mest kjent er den høge Vettisfossen.

5.1 Friluftsområde

Nedbørfeltet til Utladalsvassdraget utgjer ein del av Jotunheimen og er eit svært viktig turområde for folk lokalt, regionalt, nasjonalt og til dels også internasjonalt. Den dramatiske fjellnaturen med høge tindar, bratte fjellsider og mange høge fossefall gir nedbørfeltet svært store landskapsmessige kvalitetar.

Utladalsvassdraget er svært godt eigna til turar sommar og vinter. Enkelte turruter er likevel svært bratte, slik at det kan vere vanskeleg å ta seg fram. Fleire av rutene vert ikkje nytta om vinteren. Sjølv Utladalen har også vanskeleg tilgjenge om vinteren.

Dei viktigaste friluftslivsaktivitetane i nedbørfeltet er fot- og skiturar. Både rutenett og overnattingstilbod er godt utbygde, og det er også utbygd eit omfattande rutenett med turisthytter for overnatting i fjellområda kring nedbørfeltet. Andre viktige friluftslivsaktivitetar er jakt og fiske. Det svært kjende fjellområdet Hurrungane er eit av landet sine best brukte område til fjellklatring. Dessutan gjev dei mange breane i nedbørfeltet høve til brevandring.

Med unntak av noko redusert vassføring i Utle og enkelte av dei austlege sidevassdraga, er mesteparten av nedbørfeltet upåverka av tekniske inngrep. Forutan imponerende landskapskvalitetar frå låglandet i botnen av Utladalen og opp til høgfjellet, byr store delar av nedbørfeltet på flott utsikt mot kringliggjande fjellområde i ulike himmelretningar.

Tilkomst til turområda i nedbørfeltet kan skje frå Utladalen/Hjelledalen i sør, frå Fardalen i vest, frå Sognefjellet i nord, frå Jotunheimen i aust og frå Tynområdet i søraust.

Det kan kjøpast fiskekort og jaktkort for småviltjakt i nedbørfeltet.

5.2 Hytter, stinett, pilgrimsleder

Nedbørfeltet vert dekt av turkarta *Jotunheimen* (1993) i målestokk 1:100 000 og *Jotunheimen Vest* (1998) og *Årdal* (2000), begge i målestokk 1:50 000. Dei nordlegaste områda vert i tillegg dekt av turkart *Breheimen* (1992) i målestokk 1:100 000.

Det finst fleire turisthytter og DNT-merka stiar og løyper innanfor nedbørfeltet. Ved inngangen til Skogadalen ligg den betjente turisthytta Skogadalsbøen (DNT, 87 sengeplassar), som er eit viktig knutepunkt med stiar og løyper i fleire retningar. Olavsbu (DNT, 40 sengeplassar) i Rauddalen og Ingjerdbu i Vettismorki (privat, 12 sengeplassar) er sjølvbetjente turisthytter, medan Skagastølsbu (DNT, 6 sengeplassar) øvst i Midtmaradalen, Stølsmaradalen (DNT, 4 sengeplassar) ved inngangen til Stølsmaradalen og Gravdalen (Årdal Turlag, 2 sengeplassar) nederst i Gravdalen er ubetjente turisthytter. Ubetjent losji finst elles i Vormeli (privat, 4 sengeplassar) i Utladalen. Avdal Gard (ca. 20 sengeplassar) nederst i Gravdalen er ei betjent privat hytte med 14 sengeplassar. Vetti Gard Turiststasjon, kor det har vore gardsturisme sidan 1872, har i dag berre kafèdrift om sommaren. På heimestølen Vettismorki har garden sjølvbetjeningshytta Ingjerdbu, og på fjellstølen i Fleskenosdalen er det sel til utleige.

Turisthyttene i Utladalsvassdraget er knytta til DNT sitt øvrige rutenett i Vest-Jotunheimen gjennom fleire merka og umerka stiar. Vetti Gard Turiststasjon i Utladalen er på mange måtar porten til Vest-Jotunheimen. Sti følgjer austre dalside gjennom Utladalen frå Vetti via Vettismorki, Fleskenosdalen, Skogadalsbøen, Guridalen og Vetleutledalen til Sognefjellshytta turisthytte og Krossbu turisthytte nord for nedbørfeltet. Frå Vettismorki går det sti sørover til Hjelledalen. Frå Fleskenosdal går det sti austover Fleskenosdalen mot Tyinholmen, og frå Skogadalsbøen går det stiar austover gjennom høvesvis Urdadalen mot Tyin og Eidsbugarden, Skogadalen mot Gjendebu og Storutledalen mot Olavsbu turisthytte. Det går også stiar fra Skogadalsbøen og Vormeli og vestover gjennom Gjertvassdalen til Turtagrø og Fannaråkhytta. Frå Vetti går det også sti nordover til Stølsmaradalen turisthytte og vidare gjennom Midtmaradalen til Skagastølsbu og Turtagrø. Det går elles sti frå Stølsmaradalen og vestover til Fardalen, sørvestover Avdalen og Gravdalen turisthytte og nordvestover Stølsmaradalsryggen.

Utladalen har i tidlegare tider spelt ei viktig rolle for ferdselen mellom Sognebygdene og Lom.

5.3 Naturturisme

Indre Sogn og Vest-Jotunheimen er viktige nasjonale turistområde der dei kontrastrike naturskapte kulissane kring Sognefjorden og dei tilliggjande dalføra utgjer sentrale element i landskapsopplevinga; djupe fjordarmar med blågrønt vatn, trange dalar med markerte elvestrenger, bratte dalsider med fossefall og høge, snø- og bredekte fjelltoppar. I dette biletet spelar også Utladalsvassdraget ei viktig rolle.

Sentralt står både den frodige Utladalen, som er det djupaste dalføret i Norge og som har mange vakre fossefall frå hengande sidedalar, og det kjende høgfjellpartiet Hurrungane med toppar på over 2 400 m.o.h. Som naturmonument vert desse områda rekna som eineståande både nasjonalt og internasjonalt.

Hurrungane er Jotunheimen sitt villaste fjellparti. Her vert det arrangert klatrekurs og turar med og utan fjellføring. Mest kjend og imponerande er Store Skagastølstind, som med sine 2 403 m.o.h. er ei utfordring for klatreinteresserte. Vetti Gard var utgangspunktet for mange av dei første fjellvandarane på slutten av 1800-talet. Mellom anna gjesta den berømte britiske tindebestigaren William Cecil Slingsby Vetti fleire gongar på sine oppstigningar til toppar i Jotunheimen. Høgfjellsområda i nedbørfeltet har snø og skiføre heile året og vert mykje nytta til brevandring.

I Øvre Årdal og nedre del av Utladalen finst det mange alternativ for overnatting i form av campingplassar, hytteutleige, motell, pensjonat og hotell. Gjennom omfattande informasjonstiltak, bl.a. i regi av reiselivslag og Stiftinga Utladalen Naturhus, er det lagt til rette for fiske, jakt, fot- og skiturisme og andre former for friluftslivopplevingar i området. Det finst fleire turisthytter og DNT-merka stiar og løyper innanfor nedbørfeltet. Nokre kilometer nord for nedbørfeltet passerer den sterkt trafikkerte Rv55 over Sognefjellet. Sognefjellsvegen, som berre er open for trafikk i sommarhalvåret, har i dag status som nasjonal turistveg.

5.4 Jakt og fiske

Utladalsvassdraget vert utnytta til storviltjakt, småviltjakt og fiske.

Den verna delen av vassdraget renn frå høgfjell til lågland i Utladalen og inneheld dei tradisjonelle viltartane som førekjem på indre Vestlandet. I regional samanheng er bestandane normalt store. Alle dei fire hjorteviltartane førekjem; villrein, hjort, elg og rådyr. Nedbørfeltet inngår i Vest-Jotunheimen villreinområde, der høgfjellsområda på kvar side av Utladalen vert nytta av villreinen på ulike måter. Også hjort finst i store delar av nedbørfeltet, medan elg og rådyr har meir avgrensa utbreiing. Av storvilt vert det jakta mest hjort og villrein, men også noko elg. Dei mest talrike felte småvilt er fjellrype, lirype, hare og raudrev. Orrfugl og storfugl finst berre i små bestand, det same gjeld våtmarkstilknytta fuglearter.

Både som produksjonsområde for vilt og jaktområde har nedbørfeltet middels verdi. Tilkomsten til jaktområda er noko tungvinn. Jaktadgangen til småviltjakt er difor vurdert til middels. Det føregår ei avgrensa jakt i Utladalen. Dei viktigaste jaktområda er partiet kring vegen opp til Tyin frå Årdal og langs vegen frå Årdal over mot Turtagrø, og ved Sognefjellsvegen i nord.

Jegertettleiken er låg og områda har liten jaktleg interesse. Områda har ein middels andel utanbygds jegerar. Andelen jegerar blant folk i området er større enn gjennomsnittet i regionen. Både allsidigheita i jaktformer, jaktinnsatsen og jaktutbyttet pr. jeger er middels i regionsamanheng.

I den delen av nedbørfeltet som tilhører Årdal kommune er småviltjakt etter rype, hare, skogsfugl, mink og mår open mot innløyising av jaktkort. Det vert kun seld sesongkort, og det er berre tillete å jakte utan hund. Jakta vert organisert av Årdal JFF. Høgfjellsområda som ligg i Luster kommune tilhører Fortun grunneigarlag og Luster Austre statsallmenning. Desse områda er opne for småviltjakt etter rype og hare mot innløyising av jaktkort. Jakt er tillete utan hund frå 10.09. og med hund frå 15.10. For jakt på villrein må det sendast søknad til Luster og Årdal fjellstyre.

Den verna delen av Utlå sitt nedbørfelt har inga lakse- og sjøauførande strekning. Fisken kan berre vandre opp til Skårahølen, som ligg ca. ein km nedanfor det verna området. I nedre delar av Utlå vert det årleg fanga store mengder sjøaure, medan fiske etter laks har gått sterkt tilbake dei seinare åra. Sjøaufefisket er av stor verdi for tettstaden Årdal.

Aure er einaste innlandsfiskeart i nedbørfeltet og finst utbreidd i mange vatn og vassdrag. Dei fleste vatna er høgtliggjande, og ein del av desse er truleg fisketomme. Innanfor det verna området renn Utlå for det meste stri. Nedbørfeltet er mykje brukt av fotturistar, og sportsfiske etter aure i elva kan ha ein viss verdi. Fiske i fjellvatna har lite omfang, mest pga. vanskeleg tilgjenge. I fjellet kan ein leige fiskebuer.

Fiske i den delen av nedbørfeltet som ligg i Årdal kommune vert dekt av eit felleskort for Årdal. Dette fisket vert disponert av Årdal JFF. Fiske etter aure i den delen av nedbørfeltet som ligg i Luster kommune vert disponert av Fortun grunneigarlag og Luster Austre statsallmenning. I begge områda gir kjøp av fiskekort løyve til å fiske med oter og stang frå det tidspunkt vatna er isfrie.

5.5 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser delområde og objekt i nedbørfeltet som det knyter seg spesielle friluftsfaglege interesser til. Løpenummeret for det enkelte delområde/objekt samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 4 bak i rapporten.

Nr	Namn delområde	Eigna bruk	Kart nr.	Bruksverdi
F1	Utladalen-Jotunheimen	Ski- og fotturar, jakt og fiske	4	Nasjonal
F2	Hurrungane	Fjellklatring, alpinsport	4	Nasjonal

6.0 KULTURMILJØ

Kunnskapen om kulturminne og kulturmiljø i Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt er framskaffa gjennom verneplan III-utgreiingar for dette vassdraget og gjennom ulike kart, publikasjonar og utgreiingar som omhandlar Årdal og Luster kommunar eller regionen.

Kulturminnebestanden frå førhistorisk tid og middelalder er relativt variert når det gjeld minne knytta til villreinfangst og annan utmarksutnytting, men som heilheit er han relativt lite mangfaldig. Kulturminna er typiske for desse fjellstroka. Ein buplass frå eldre steinalder må karakteriserast som sjeldsynt i dette området. Minna representerer eit allsidig kunnskapspotensial, mellom anna til å kaste lys over villreinjakt over lange tidsrom. At ein her kan få klarlagt utnyttinga av dei vestlege fjellområda i eldre steinalder, er også viktig. Minna har ein viss pedagogisk verdi. Her finst fleire typar godt bevarte minne i nærast urørt fjellterreng, men dei er ikkje lett tilgjengelege. Dei ligg likevel i eit populært turområde med stiar og turisthytter og må i samband med dette tilleggast visse pedagogiske og opplevingsmessige verdiar.

Når det gjeld nyare tid, er kulturminnebestanden ikkje fullt så mangfaldig. Det dreiar seg om einheitlege gards- og seteranlegg som på mange måtar er særprega for nettopp det registrerte området. Dei inneheld eit forholdsvis stort kunnskapspotensial og har stor pedagogisk og opplevingsmessig verdi.

6.1 Vassdragsrelaterte kulturmiljø

Dei fleste spora etter busetnad, og nokre av fangstgravene, i nedbørfeltet ligg nær elver, nettopp fordi elvedalar karakteriserer dei viktige reinstrekka. Andre fangstgraver ligg til dels langt frå vatn. Stølane ligg med eit par unnatak nær ei elv. Også for gardane er elva ein del av det nære landskapet.

På Vetti er det funne gammal kvernstein, noko som tyder på korndyrking under betre klimatilhøve i gammal tid. På Vettismorki går sagdrifta langt tilbake i tid. Langs kløvvegar og stiar i nedbørfeltet finst enkelte gamle broar/elvekrysningspunkt.

6.2 Verdifulle kulturlandskap

Kulturlandskapet som tilhøyrrer gardane og plassane i Utladalen, representerer ein stor kulturhistorisk og naturhistorisk verdi. Landskapet sin særeigne historie har ført til at moderne driftsformer i jordbruket har hatt liten innflytelse. Utbygginga av aluminiumsindustrien i Årdal kring 1950 førte til at husdyrproduksjonen etter kvart måtte stansast.

Fjellgardane Vetti og Avdalen, saman med stølsområdet på Vettismorki, inngår i eit større prioritert kulturlandskapsområde *Utladalen*, som er blant ti nasjonalt viktige kulturlandskapsområde i Sogn og Fjordane (Helle 1989, Austad, Hauge & Helle 1993). Området representerer dalkulturlandskapet og strekkjer seg frå Hjelle til Vetti. Ei hovudårsak til at området er vald ut er den store samlinga av ulike typar kulturlandskapselement, variasjonen i vegetasjonstypar, og det dramatiske og sterkt vekslande landskapet. Området har spelt ei viktig rolle for ferdselen mellom Sognebygdene og Lom.

Utladalen med fjellgarden Vetti er ein av inngangsportane til Jotunheimen, som gjennom lang tid har vore eit viktig område for friluftsliv og ferdsel i fjellet. Utladalen er ein trong og vill dal med sterk romføling og landskapsoppleving. Den dramatiske skiftinga frå det trange dalrommet til dei ope fjellviddene er særleg sterk. I dalbotnen finn ein plassar og fjellgardar som Avdalen og Vetti. Området representerer dal- og fjellkulturlandskapet med marginal busetting og tilhøyrande driftsformer. Viktigheten av fjellet som ressurs kjem særleg tydeleg fram ved dei mange stølsområda som er knytta til gardane i dalen. I tillegg er også dei gamle ferdselsvegane ein viktig del av dalen sin kulturhistorie. Dalsidene er frodige, og vegetasjonen er fleire stader prega av edellauvskog med partiar av lind og alm. Kulturmarkstypane vekslar mellom haustingsskog, hagemarkstypar, slåtteenger og beitemark. Bygningstiljøet er interessant både på fjellgarden Avdalen, på Vetti og på stølsområdet Vettismorki.

Vettismorki 680 m.o.h. vert rekna som ein heimestøl (vår- og hauststøl). Den korte vegen opp frå Vetti er svært bratt. Her er både gode beiter og slåttekvier. Den beste enga vart slått fram til 1959, og fram til utpå 1970-talet vart området beita. Store furuskoger la tidleg grunnlag for sagdrift her.

I dag er stølsmiljøet blanda opp med nokre hytter. Slåtteengene er i sterkt forfall pga. manglande bruk, og beitepresset er også for svakt til å sikre dei ope beitevollane. Ung furuskog har byrja å etablere seg på stølsvollen.

Fjellgarden Vetti har ein spesiell og isolert lokalisering inst i Utladalen. Det er ein gammal gard, og sikre kjelder fortel om fast busetnad og korndyrking allereie i 1120. På garden har det vore fleire husmannsplassar, mellom anna Lauvhagen og Flaten. Jakt og fiske, utmarksslåtter i dei bratte urene, lauving og rising av bjørk og alm var utbreidd og sikra garden eit godt utcome. I 1875 vart garden turiststasjon, noko som også gav eit godt økonomisk tilskot til drifta.

Gardstunet på Vetti består av ti små og store bygningar. Her er også slåtteenger med artsrikt inventar, hagemarkstypar og styvingstre. Det er spesielt viktig å sikre det ope og varierte kulturlandskapet i dette dramatiske landskapet, kor tilpassing til ein streng natur og allsidig utnytting av naturressursane vert illustrert på ein svært tydeleg måte.

Gardstunet i Avdalen, som vart rydda på 1500-talet, er i dag nyrestaurert. Mellom anna er eit kvernhus i drift med maling av korn. Også her er det kringliggjande kulturlandskapet variert og har innslag av gamle styvingstre. Kulturlandskapet vert igjen skjøtta gjennom slått, styving, rydding og beiting av geiter. Kvile og Hagaberg vart innretta som husmannsplassar under Avdalen etter 1800. Hagaberg vart nedlagt i 1950, medan Avdal vart fråflytta i 1962.

6.3 Andre kulturminne/-miljø

Det er registrert 110 faste kulturminne i Utladalsvassdraget. Talet er noko usikkert når det gjeld gardsbruk og stølar. Kulturminna kan belyse følgjande emne: Utnytting av dei vestlege fjellstrok i steinalderen, kontaktområde og flyttemønstre, villreinjakt og annan utmarksutnytting i jernalder og middelalder, byggjeskikken sin historie på gardar, tidlegare plassar og stølar i nyare tid, og korleis det vert utvikla særtrekk som følgje av bl.a. ulike naturressursar og kulturpåverknader.

Fornminna frå førhistorisk tid og middelalder er i hovudsak knytta til villreinfangst. Den eldste kjente bruken av området går tilbake til eldre steinalder. På ein buplass i Guridalen er det funne avslag og reiskap av flint, mellom anna 25 mikroflekkar. Kull herifrå er C¹⁴-datert til 4 790 +/-200 år. På to andre buplassar som ikkje kan daterast nærare, er det gjort funn av kvarts/kvartsitt. Det er ikkje tidlegare kjente spor etter steinalderfolk i denne delen av Jotunheimen, men slike finst ved Bygdin og Tyin og ved Lustrafjorden. Sannsynlegvis er buplassen i Guridalen spor etter jegerar som held til ved kysten lenger vest, men som i delar av året dreiv reinsjakt i desse fjella og i betre jaktområde lenger aust, t.d. Bygdin og Tyin. Dei to andre steinalderbuplassane kan representere eit tilpassingsmønster.

Dei registrerte, meir permanente bustadminna i området skriv seg truleg for ein stor del frå jernalder eller middelalder, men kan ha vore i bruk også i nyare tid. Dette gjeld hellerene, tuftene og steinbuene. I dei to hellerene og i den ein av tuftene er det påvist trekull, delvis også beinrestar ("Utladalshelleren"). Dei skal truleg dels knyttast til villreinfangsten, dels til stølsdrift. Kullgropa med skjorbrent stein i Vettismorki skriv seg sannsynlegvis frå eldre jernalder og vitnar moglegeins om tilsvarande aktivitetar. Berre vidare arkeologiske granskningar kan gje svar på dei mange spørsmål som kan knyttast til desse minna. Korleis er tidstilhøvet mellom dei ulike typane bustader? Har nokre av dei samanheng med fangstgravene, og kan nokre av dei seie noko om tidleg stølsdrift i området?

I fjellområdet er det kjent ei rekkje fangstgraver for villrein av den murte typen. Dei ligg ved viktige trekkveggar for reinen, ofte fleire saman. Restar etter fangstanlegg med dyregraver, ledegjerde og bogastiller finst på Austbotn-Gravdalsbandet, ved Breidkvamsnosi-Koldedalen og i Vetleutledalen, Storutledalen og Skogadalen. Det vil vere viktig å få slått fast korvidt bruken av fangstgravene også her ligg innanfor jernalderen og steinalderen, slik som i Rondaneområdet, eller om dei t.d. kan vere eldre. Av interesse er også den eventuelle tilknyttinga mellom fangstgravene, tuftene, steinbuene og den første busetnaden i tilgrensa område. Tre moglege gravrøysar på Vetti tyder at det her kan ha vore fast busetnad i jernalderen. For denne garden må utmarksressursane ha vore viktige.

Dei registrerte kulturminna frå nyare tid er knytta til gards- og stølsdrift, og har hatt betydning for turismen, som går tilbake til midten av 1800-talet. Utladalsvassdraget har svært einheitlege miljø av gamle bygningar både på gardar og stølar. Byggjeskikken er for ein stor del typisk for indre Sogn, men her er og særtrekk som viser impulsar frå Austlandet.

Det er registrert fem gardar, av desse er to opphavlege husmannsplassar. Tre gardar var i drift i 1963. Den typiske tunforma er at husa er plasserte på kvar side av ei tungate, noko som er vanleg i indre Sogn. Dei fleste av husa vendar gavlen mot dalen. Det er vanleg med to stover. Sjølve stova er ei opphavleg røykomnstove som gjerne på 1900-talet er ombygd og har fått to etasjar. Eit særtrekk med desse stovene er at dei har akershusisk grunnplan, som elles praktisk talt berre er kjent frå Austlandet. Den andre stova er ei "glasstove" som allereie frå byrjinga av hadde peis, vindauger og to etasjar, annanetasje med loft- og gjesteromsfunksjon. Dei fleste glasstovene skal vere frå første halvdel av 1800-talet.

Blant dei eldre bygningane skil driftsbygningane seg ut som spesielt interessante. Det typiske er at stall, saue- og geitefjøs og løe er samla under eitt tak i ein svært stor to-etajars bygning med smalgang inn mot tunet. Husa er frå første halvdel av 1800-talet. Denne bygningstypen skal ikkje finnast andre stader på Vestlandet. På Austlandet har slike bygningar derimot vore vanlege. Sjølve storfe fjøset er sett opp som ein sjølvstendig bygning.

Utladalen har vore stølsdal både for Årdal og Luster. Stølane er no nedlagte. Alle gardar og plassar i Utladalen har hatt to stølar kvar, heimestøl (vårstøl og hauststøl) og fjellstøl (framstøl). Buskapen vart sendt til heimestølen i slutten av juni, der han beita to-tre veker før han drog lenger inn i fjellet til fjellstølen. På fjellstølen låg buskapen til midten av september, før han drog tilbake til heimstølen der beita hadde vokse til igjen. Her vart buskapen til Mikkelsmess, 29. september, som etter gammalt var dagen for å føre buskapen heim til garden.

Medan dei lågastliggjande stølane er lafta av furu, har stølane over barskoggrensa stein som byggjemateriale, noko som må ha samband med materialtilgangen. Fjøs er sjeldsynte på stølane. Sela som høyrer til Årdal har vanlegvis to rom, slik ein ofte finn på Vestlandet. Karakteristisk er røykhetta på taket, som elles ikkje er vanleg. Sela til gardane i Luster skil seg ikkje berre ut ved at dei er i stein, men også ved at dei ofte har tre rom. I tillegg til sjølve selet og skuten, er det ei mjølkebu kor stølsprodukta vart oppbevart. Vormeli i Utladalen, som vart driven av til saman seks familiar i henimot hundre år fram til 1868, var kanskje den mest avsidesliggjande garden i landet. Det tok ni timar å gå over fjellet til Fortun i Luster. Fram til 1946 vart Vormeli driven som støl.

Det har gjennom tidene vore til dels hard hogst av furu i Vettismorki. I byrjinga på 1700-talet tok kopperverket i Gruvefjellet, vest for Årdal, mykje tømmer. Også på 1800-talet vart det hogd mykje. Tømmeret vart sendt utføre den høge Vettisfossen på ettervinteren. Då hadde fossen skapt ein opp til 80 m høg isfönn ved foten, som tok av for fallet. For at stokkane i vind ikkje skulle slåast i sund mot fjellveggen, vart det laga ei trefenne som stakk 10 alen ut frå stupkanten.

6.4 Utvalde delområde og objekt

Tabellen nedanfor viser kulturlandskap som det knyter seg spesielle interesser til i nedbørfeltet. Løpenummeret samsvarar med nummeret (kartreferansen) som er vist på temakart nr. 5 bak i rapporten. Opplysningar om andre kulturfaglege delområde og objekt i nedbørfeltet er ikkje framstilt på denne måten.

Nr	Namn delområde	Kvalitetar	Kart nr.	Verneverdi*
K1	Utladalen	Dalkulturlandskap	5	-

* *VVV-prosjektet føretok inga verdivurdering av kulturlandskap og kulturminne*

7.0 AKTUELLE TRUGSMÅL

Mesteparten av Utladalsvassdraget sitt nedbørfelt ligg innanfor Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Nasjonalparken omfattar høgfjellsområda vest, nord og aust for Utladalen, medan landskapsvernområdet omfattar Utladalen og dei særlegaste fjellområda på kvar side av Utladalen. Sjølv om dei verna områda framleis skal kunne nyttast til friluftsliv og landbruk, vil fredningsføresegnene hindre at nye større naturinngrep finn stad i den verna delen av vassdraget.

Avgrensing av nedbørfeltet til verna vassdrag bør visast i kommuneplanen sin arealdel.

8.0 LITTERATUR

1. Aune, B. 1993. Temperaturnormaler, normalperiode 1961-1990. Det norske meteorologiske institutt. *Rapport nr. 02/93*. 63 s.
2. Austad, I., Hauge, L. & Helle, T. 1993. *Kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Sluttrapport*. SFDH. 54 s.
3. Den Norske Turistforening 1986. Jotunheimen. *Fjell & Vidde nr. 6*.
4. Direktoratet for naturforvaltning 1997. Naturforvaltning i kommunene – en oppslagsbok. *DN-håndbok 12-1997*.
5. Direktoratet for naturforvaltning 1998. *Inngrepsfrie naturområde i Sogn og Fjordane*. Kart i M=1:250 000.
6. Direktoratet for naturforvaltning 1999a. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. *DN-rapport 1999-3*. 162 s.
7. Direktoratet for naturforvaltning 1999b. Kartlegging av naturtyper – Verdisetting av biologisk mangfold. *DN-håndbok 13-1999*.
8. Direktoratet for naturforvaltning & Norges vassdrags- og energiverk 1997. *Dokumenterte verneverdier i vernede vassdrag - En veileder for tilrettelegging og vurdering av informasjon*. Foreløpig utgave. 51 s. + vedlegg.
9. Eie, J.A., Faugli, P.E. & Aabel, J. 1996. *Elver og vann – vern av norske vassdrag*. Grøndahl Dreyer og Norges vassdrags- og energiverk. 288 s.
10. Elgersma, A. 1996. *Landskapsregionar i Norge, med underregioninndeling*. Kart i M=1:2 000 000. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS).
11. Elgersma, A. & Sønstebo, G. 1995. Landskapet i Sogn og Fjordane. Delrapport II. *NIJOS rapport 6/95*.
12. Elgersma, A. & Asheim, V. 1998. Landskapsregioner i Norge – landskapsbeskrivelser. *NIJOS-rapport 2/98*. 61 s.
13. Enzensberger, T. 1997. *Eng/innmarksområder i Utladalen landskapsvernområde. Registreringer av vegetasjon og skjøtselsanbefalinger*. Prosjektgruppa Utladalen kulturlandskap. Rapport.
14. Forberg, S. 1994. Fluorskader på furuskog i Vettismorki. Hovedoppgave, Gjøvik ingeniørhøgskole, skogavdelingen. 33 s.
15. Fortun, E. 2000. Vest-Jotunheimen villreinområde. Kart som viser villreinen sin bruk av areala innanfor Vest-Jotunheimen villreinområde gjennom året.
16. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1985. *Utkast til verneplan for våtmark i Sogn og Fjordane fylke*.

17. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2000. Utskrifter frå *Naturbasen* (register over verdifulle naturområde, viltområde og friluftsområde i Sogn og Fjordane fylke).
18. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane & Direktoratet for naturforvaltning (udatert). *Utladalen landskapsvernområde*. Brosjyre.
19. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane & Sogn og Fjordane fylkeskommune 1998. *Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane*. 63 s.
20. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane & Sogn og Fjordane Skogeigarlag 1998. *Oversiktskart over fiskekort i Sogn og Fjordane*. Kart i M=1:330 000.
21. Førland, E.J. 1993. Nedbørnormaler, normalperiode 1961-1990. Det norske meteorologiske institutt. *Rapport nr. 39/93*. 63 s.
22. Geiran, F. & Krogh, P. 1963. *Byggeskikk under Hurrungane – en registrering av gårds- og seterbebyggelse i Utladalen i Indre Sogn*. Diplomoppgave.
23. Helle, T. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Årdal kommune. Rapport 8. *Sogn og Fjordane DH Skr.1990:2*. 118 s.
24. Haaland, S., Hobæk, A. & Raddum, G.G. 1981. Ferskvannsbiologiske undersøkelser i Utladalsvassdraget 1979. *LFI, Zool. Mus., Univ. Bergen, Rapp. 39*, 33 s.
25. Håland, A. & Ugelvik, M. 1989. Ornitologiske undersøkelser i Sogn og Fjordane. Status 1989. *Zool. mus., Univ. Bergen, Rapp. Terr. økologi nr. 51*, 50 s.
26. Gustafson, L. 1982. *Kulturminner i Utladalsvassdraget, Sogn og Fjordane*. Univ. Bergen, Hist. Mus. Arkiveksemlar.
27. Klakegg, O., Nordahl-Olsen, T., Sønstegaard, E. & Aa, A.R. 1989. *Sogn og Fjordane fylke, kvartærgeologisk kart M=1:250 000*. Norges Geologiske Undersøkelse.
28. Luster kommune 1991. *Kommuneplan for Luster 1991-2002*.
29. Løfaldli, L. og Råd, O. 1982. Fuglefaunaen i Utladalsvassdraget, Årdal og Luster kommuner i Sogn og Fjordane. *Zool. Mus., Univ. Bergen, Rapp. Ornitol. 10*, 41 s.
30. Mørstad, P. & Enzensberger, T. 1998. *Soppfloraen ved Avdal gard og Vettismorki, Utladalen landskapsvernområde, Årdal, Sogn og Fjordane*. Stiftinga Utladalen naturhus. Rapport. 15 s. + vedlegg.
31. Miljøverndepartementet 1994. *Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag*.
32. Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
33. Mølmen, Ø. 1977. *Viltbiologiske forundersøkelser i Jotunheimen/Breheimen, Felt 1, 3, 4 og 5. Fangst og jakt på villrein*.
34. Nordiska Ministerrådet 1984. *Naturgeografisk regioninndeling av Norden*. 289 s. + kartvedlegg.

35. NOU 1983: 41. Verneplan for vassdrag III.
36. NOU 1983: 42. Naturfaglige verdier og vassdragsvern.
37. NOU 1983: 43. Kulturminner og vassdragsvern.
38. NOU 1983: 44. Vilt og ferskvannsfisk og vassdragsvern.
39. NOU 1983: 45. Friluftsliv og vassdragsvern.
40. Odland, A. 1981. Botaniske undersøkingar i Utladalsvassdraget. *Bot. inst., Univ. Bergen, Rapp. 14*, 52 s.
41. Odland, A. 1991. Klassifisering av vassdrag på Vestlandet ut fra deres floristiske sammensetning. *NINA Forskningsrapport 16*, 88 s.
